

Suldal kommune 2022-2034

Arealdelen av kommuneplanen

Planomtale

Med endringsforslag etter 1. gongs høyring

(endringsforslag markert med raudt i teksten)

Innhald

1. INNLEIING	4
2. GRUNNLAG FOR PLANEN	4
2.1. Planprogram	4
2.2 Nasjonale forventningar og overordna føringar	4
2.3 Regionale og kommunale planar	5
2.4 Arealstrategi	6
3. PLANPROSESS OG MEDVERKNAD	8
4. GJELDANDE PLANAR OG PLANKRAV	9
5. INNKOMNE FORSLAG OM NY AREALBRUK	10
6 PLANFORSLAGET – BEHOV OG FRAMTIDIG AREALBRUK	12
6.1 Område for bygg og anlegg	12
6.1.1 Bustader	12
6.1.2. Fritidsbustader.....	13
6.1.3 Fritids og turistføremål.....	16
6.1.4 Næringsareal	16
6.1.5 Råstoffutvinning	18
6.1.6 Andre typar nærare angitt bygg og anlegg.....	19
6.1.7. Kombinerte formål bygg og anlegg	20
6.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	21
6.3 Grøntstruktur	22
6.3.1 Friområde.....	22
6.3.2 Turdrag.....	22
6.4 Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift	22
6.4.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF).....	22
6.4.2 LNF-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging.....	22
6.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	24
6.5.1 Farled	24
6.5.2 Hamneområde i sjø.....	24
6.5.3 Småbåthamner.....	25
6.5.4 Akvakultur	26
6.5.5 Kombinerte formål i sjø	27
6.6 Omsynssoner	28
6.6.1. Sikring-, støy og faresoner	28
6.6.1.1. Omsynssone drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt H120	28
6.6.1.2 Omsynssone støy H210, H220 og H290	28
6.6.1.3 Omsynssone fare kvikkleire H310_1	28

6.6.1.4	Omsynssone fare skytebane H360	29
6.6.1.5	Omsynssone fare høgspentanlegg H370	29
6.6.2.	Omsyn til landbruk, reindrift, mineral ressursar, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø	29
6.6.2.1.	Omsynssone friluftsliv H530	29
6.6.2.2	Omsynssone grønstruktur H540.....	29
6.6.2.3.	Omsynssone prioriterte kulturlandskap H550.....	29
6.6.2.4.	Omsynssone bevaring naturmiljø H560.....	29
6.6.2.5.	Omsynssone prioriterte kulturmiljø H570.....	29
6.6.2.6.	Omsynssone randområde til landskapsvernområde H580	30
6.6.2.7.	Omsynssone råstoffutvinning H590.....	30
6.6.3.	Bandleggingssone	30
6.6.3.1	Bandlegging for framtidig regulering H710.....	30
6.6.3.2	Bandlegging etter naturmangfaldslova H720.....	30
6.6.3.3	Bandlegging etter lov om kulturminne H730.....	30
6.6.3.4	Bandlegging etter andre lover H740	30
6.6.4	Sone kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra H910	32
7.	KONSEKVEN SAR FOR MILJØ OG SAMFUNN.....	33
8.1	Beskriving av planområdet.....	39
8.2	ROS-analyse av dei enkelte arealinnpela	40
8.3	Vurderingar og funn frå heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som er relevant for kommuneplanens arealdel	40
8.4.	Kommunens handtering/tilnærming til framtidig risiko og sårbarheit.....	40
8.5	Samla vurdering	48

1. INNLEIING

Kommuneplanen sin arealdel viser noverande og framtidig arealbruk i kommunen, og er saman med føresegnene rettsleg bindande, jf. PBL § 11-6. Det er i tillegg utarbeidd diverse retningsliner som er retningsgjevande for sakshandsaminga i kommunen. Føresegner og retningsliner ligg ved som eige dokument.

Denne planomtalen inneheld sjølve beskrivinga av planen, kva ein ynskjer å oppnå, samt verknadane av planen.

Kommuneplanens arealdel består av følgande dokument:

- Plankart med temakart
- Føresegner og Retningslinjer
- Planomtale med samla konsekvensutgreiing og samla ROS (dette dokumentet)

Tilleggsdokument:

- Konsekvensutgreiingar av innkomne arealinnspeil

2. GRUNNLAG FOR PLANEN

2.1. Planprogram

Som grunnlag for revisjon av kommuneplanens arealdel ligg planprogrammet.

Planprogrammet peikar på utfordringar ein må ta tak i kommande periode og beskriv planprosessen.

Planprogrammet for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel vart utarbeida og sendt på høyring hausten 2020. Planprogrammet vart vedtatt i kommunestyret 23.02.21.

2.2 Nasjonale forventningar og overordna føringar



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med planstrategiar og planer, og leggast til grunn for statlege mynde si medverking i planlegginga.

For perioden legg regjeringa vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

«Dei regionale og lokale myndigheitene har sentrale oppgåver med å handtere desse utfordringane. Det gjeld alle kommunar, uavhengig av storleik og kompetanse. Planlegging er eit av dei viktigaste verktøya dei har.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor

viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.»
Gjeldande statlege planretningslinjer er lagt til grunn for arealdelen:

- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Ut ifrå desse forventningane og retningslinjene har Suldal bygd opp sin nye kommuneplan etter dei tre hovudmåla: sosial , økonomisk og miljømessig berekraft. Denne inndelinga finn ein og igjen i arealstrategien som er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Forventingane og retningslinjene er sett i samanheng med dei utfordringane me har i Suldal, og som vart peika på i planprogrammet.

2.3 Regionale og kommunale planar

Regionale planar skal sjå dei større linjene for heile fylke og vere rådgjevande for kommunal planlegging og verksemd. Nokre av dei planane og strategiane som er mest aktuell for Suldal er:



- *Utviklingsplan for Rogaland -regional planstrategi 2021-2024*
- *Regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke 2017-2030*
- *Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, Heiaplanen*
- *Regionalplan for vassforvaltning 2022-2027*
- *Regionalplan for klimatilpassing i Rogaland 2020-2050*
- *Regional jordvernstrategi for matfylket Rogaland*
- *Samferdselsstrategi for Rogaland 2018-2029*
- *Strategi for bioøkonomi i Rogaland 2018-2030*
- *Regionalplan for sjøareal og havbruk 2017-*
- *Regionalplan for landbruk i Rogaland 2011*
- *Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke 2013-*
- *Nærings- og innovasjonsstrategi for Rogaland (vedtatt des. 2020)*
- *Regionalplan for folkehelse i Rogaland 2013-2017*
- *Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024*
- *Regional kulturplan for Rogaland 2015-2025*

Suldal har hatt eit mål om at flest mogleg planar skal innarbeidast i kommuneplanen. Derfor er mellom anna no den gamle klima- og miljøplanen erstatta av eit eige kapittel i nytt forslag til kommuneplanens samfunnsdel. Sti og løypeplan, som er viktig for ei god forvaltninga av utmarksareala våre, er vidareført som ein del av ny kommuneplan.

Suldal kommune sin fagplan for skjøtsel av kulturminne er og tatt med i arbeidet med ny arealdel for å sikre rammer for ein god skjøtsel av kulturminna i kommunen. Suldal har og fleire aksjonsplanar, strategiar og retningslinjer. Desse er sett på i arbeidet med ny kommuneplan i den grad dei er relevante for den overordna kommuneplanen. Full oversikt over desse vart sett opp i Suldal kommune - planstrategi for 2020-2023, og vart der vurdert om dei måtte reviderast.

2.4 Arealstrategi

Forslag til arealstrategi for Suldal kommune er innarbeida i den nye samfunnsdelen som og no skal opp til handsaming. Arealstrategien skal bygge opp under måla og strategiane i samfunnsdelen og gje overordna føringar for kommunen si utvikling i eit langsiktig perspektiv. For Suldal kommune er det viktig at me gjennom bruk og vern av areal sikrar at me tek vare på vår eigenart, samtidig som me legg til rette for vekst og utvikling.

Me skal styrke den sosiale berekrafta i kommunen gjennom fylgjande arealstrategiar:

- Me skal oppretthalde busetting og trivsel i kommunen gjennom å vidareutvikle grendene som attraktive møteplassar. Sand skal vidareutviklast som eit framtidretta og fleirfunksjonelt kommunesenter der ein finn gode service- og kulturtilbod.
- Det skal vere areal for bustadbygging i alle grender. Hovudutbygginga av bustader skal vere i gå/sykkelavstand til butikk/skule i grendesentra for mindre trong for transport. Me skal leggje til rette for at det kan byggast varierte bustader som tek vare på mangfaldet i befolkninga og som passar til ulike livsfasar.
- For å sikre moglegheit for bustadbygging og gode generasjonsskifte i kommunen sine utkantar, skal me vidareføre områda sett av til spreidd bustad- og næringsbygging.
- Me skal syte for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert tatt omsyn til i arealplanlegginga i kommunen. Universell utforming, tryggleik og god tilgang skal vektleggast.
- Me skal legge til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikre, gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken til der folk bur.
- Me skal arbeida for innbyggjarinvolvering.

Me skal leggje til rette for ei økonomisk berekraftig arealutvikling:

- Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørge for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal.
- Me skal sikre eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet.
- Me skal leggje til rette for bygging av fritidsbustader i kommunen, men areala som vert lagt ut skal samsvare med utbyggingshastigheit, planreservar og berekraftig bruk av areala.
- Me skal ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevare vår eigenart, men og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling.
- Me skal forvalte areala langs Nasjonal turistveg på ein måte som oppretthald og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.

Me skal leggje til rette for ei miljømessig berekraftig arealutvikling:

- Me skal vektlegge høg utnyttingsgrad i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde for å nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark og å redusere inngrep i våtmark og myrområde.
- Me skal plassera utbyggingsområde og utvikla desse slik at dei toler konsekvensar av klimaendringane, som til dømes auka risiko for flaum, vind, stormflo, skred og steinsprang.
- Me skal finna balansen mellom vern og bruk ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområde. Grensa mot heia/fjellet går ved omsynssone villrein. Det skal ikkje planleggast nye utbyggingsområda innanfor denne sona. Suldalsheia skal forvaltast i tråd med retningslinjene sett i regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.
- For å sikre ålmentas tilgjenge til strandsona skal me vere restriktive med å leggje ut byggeområde i 100-metersbeltet langs sjø. Me skal ikkje opna nye, urørte strandområde for utbygging før det etablerte utbyggingspotensiale er realisert. Det skal likevel kunne leggast til

rette for kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling, innanfor samla tolegrense for utbygging i strandsona.

- Me skal avklare bruken av sjøareala med å fortsett sette av område eksklusivt til friluftsliv og fiske. Arealbruken til oppdrettsnæringa skal avklarast og dei reelle områda settast av. Me skal ta vare på Sandsfjorden som nasjonal laksefjord, og det skal ikkje avsettast nye areal til lakseoppdrett i fjorden. Me skal satsa på større felles småbåtanlegg, i staden for å spreie utover mange små.

3. PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

Det har vart nedsett ei arbeidsgruppe i administrasjonen for å arbeid med både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Styringsgruppa for samfunnsdelen er formannskapet og styringsgruppa for arealdelen er Utvalet for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet).

Medverknad og innspel til arbeid med ny kommuneplan 2022-2034



Arbeidet med samfunnsdelen og arealdelen har gått parallelt og derfor omhandlar mange av innspela både samfunnsdelen og arealdelen. Alle generelle innspel som er komen og all medverknad som er gjennomført er samla i rapporten «Medverknad og innspel til arbeid med ny kommuneplan 2022-2034».

Det vart sett frist for å komme med arealinnspel til kommuneplanen 01.07.21. Med å sette ein frist for innspela tidleg, kunne ein legge ut dei innkomne innspela på nettsida til kommunen og under grendemøta kunne ein legge fram dei innspela som var komen inn. Dersom nokon hadde opplysningar til innspela vart dei oppfordra til å komme med desse under møte eller kontakte kommunen i etterkant. Alle reine arealinnspel er konsekvensutgreia på kommuneplannivå og enten avvist eller tatt inn i forslag til ny plan.

Corona-utbrotet i mars 2020 og restriksjonane rundt dette, gjorde noko av medverknadsprosessen utfordrande. Med god planlegging vart det gjennomført opne fysiske grendemøte i alle grender i kommunen hausten 2021. Her var det både administrativ og politisk deltaking. Kommunen fekk og til to informasjonsmøte hausten 2021, der dei tre største arealinnspela til kommuneplanen vart presentert. Når det gjeld medverknad frå lag, organisasjonar, råd og utval vart mange gjennomført fysisk, men nokre var og gjennomført digitalt.

Aktivitet	Dato/tidsrom
Varsel om oppstart og planprogram på høyring	Haust 2020
Stadfesting av planprogram	23.02.2021
Frist for innspel til arealdelen av kommuneplanen	01.07.2021
Informasjonsmøte om innspel frå Norsk Stein og Windworks Jelsa	26/08 og 15/10-2021
Opne folkemøte møter Nesflaten, Vinjar, Sand, Hylsfjorden, Erfjord, Jelsa og Ropeidhalvøya	18/10, 19/10, 27/10, 28/10, 01/11, 03/11 og 16/11-2021
Regionalt planforum Rogaland	03.11.2021
Medverknad ulike lag, organisasjonar, råd og utval	Heile 2021
LMT-utvalet – rundtur kyst og rundtur land	14/09-2021 og 06/04-2022
Planforslaget opp til fyrstegongs handsaming i LMT-utvalet	13/05 - 2022
Planforslaget opp til fyrstegongs handsaming i Kommunestyret	20/05 - 2022

4. GJELDANDE PLANAR OG PLANKRAV

Frå og med vedtaksdato vil ny arealplan oppheve rettsverknadane av Kommuneplanens arealdel 2015-2024. Plankart med temakart og føresegner utgjer dei juridisk bindande delane av planen. Planomtalen og vedlegget «Konsekvensutgreiingar av arealinnspele» er supplerande element som er utarbeida for å utdjupe dei sentrale plandokumenta.

Plankartet ligg digitalt. Plankartet er omarbeid frå grunnen av, mellom anna for å få med rette vasskonturar. Det kan vere gjort justeringar, men det er ikkje gjort store arealendringar som ikkje er omtalt i planomtalen.

Alle nye område som er tatt inn i den nye planen er omtalt i **planomtalen** (dokumentet du les no). Alle byggeområde som er foreslått tatt ut av den noverande kommuneplanen vert og omtalt. Område som ikkje vert omtalt vert vidareført frå noverande kommuneplan til ny.

Juridisk bindande arealplanar vedtatt før kommuneplanens arealdel gjeld fortsett. Plan- og bygningslovas prinsipp om at siste planvedtak gjeld er gitt i § 1-5. Ved eventuell motstrid går kommuneplanen, ny plan eller statleg eller regional planføresegn foran eldre plan. For eldre reguleringsplanar betyr dette at der kommuneplanen angir ny føring for arealbruk eller utnytting, vil dei delane av reguleringsplanen som er i motstrid med kommuneplanen bli sett til side. For at det skal vera mogleg å gjennomføra tiltak ved motstrid, vil det i enkelte tilfelle bli krav om reguleringsendring.

Kommuneplanens arealdel gir ikkje kommunen direkte høve til å oreigne areal, og planen inneber ikkje gjennomføringsplikt for tiltaka som er tatt inn.

5. INNKOMNE FORSLAG OM NY AREALBRUK

Det er komen inn 41 innspel til ny kommuneplan om forslag til endra arealbruk.

Nokre innspel er avvist fordi dei til dømes ligg inne i ein gjeldande reguleringsplan. Andre innspel er generelle ynskje om at ein må finne areal til ulike formål, desse er omtalt generelt. Alle konkrete forslag til arealendring er gått gjennom ei konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga for dei ulike alle innspela ligg ved som eige vedlegg. Det er konsekvensutgreiinga som konkluderer med om innspelet vert tatt inn eller ikkje.

Oversikt over innkomne innspel:

	Spelt inn av:	Område:	Nytt arealformål:
1	Øvre Suldal Grendeutval	Alle grender	Næring
2	Eidesvik Laks	Jelsafjorden	Akvakultur
3	Kolbjørn Haaland	Hålandsosen, Erfjord	LNf spreidd/båthamn
4	Geir Ove Løland	Ytre Bjerga, Vanvik	Fritidsbustad/ utleige
5	Johannes Fattnes og Stein Olav Fattnes	Indre Sandvik, Vanvik	Fritidsbustad
6	Inge Hjorteland og Jakob Roaldkvam	Fisketjønn, Suldalsosen	Bustad
7	Lars Fjetland og Elisabeth Bjørkhaug	Fjetland, Ropeidhalvøya	Muresteinsbrot/ camping/utleigehytter
8	Windworks Jelsa	Sandsfjorden	Hamneområde/næring
9	Konrad Helge Jårvik	Jårvik, Sandsfjorden	Fritidsbustad/båthamn
10	Sand Grendeutval	Sand sentrum	Småbåthamn
11	Holmen Eigedom	Vatlandsvåg, Ropeidhalvøya	Hytter/naust/kai/brygger
12	Amund Fattnes	Vanvik	Småbåthamn
13	Odd Jostein Aas og Tone Berge	Ås, Erfjord	Hytter/utleigehytter
14	Sigve Helland	Helland, Ropeidhalvøya	Camping/bubiloppstilling
16	Norsk Stein	Berakvam/Kordalsnuten	Kai/råstoffutvinning
17	Øvre Suldal Grendeutval	Nesflaten	Næring/Bustad
18	Trekt		
19	Statkraft	Alle energianlegg	Vise reell bruk
20	Svein Helge Einarsen	Indre Åsarøy	Råstoffutvinning/hytter/industri
21	Sterling White Halibut	Helland	Næring/akvakultur i sjø
22	Alsaker Fjordbruk	Ytra Finnvik, Vindafjord	Næring/akvakultur/hamn/småbåt
23	Sigve Johannesen	Vatlandsvågen	Hytter
24	Thore Torsen	Jelsavågen	Hytter
25	Lars Harald Sildelid	Vatlandsvåg	Hytter/bustad
26	Jelsa Grendeutval	Jelsa	Bubil/parkering kai
27	Holmen Maskin	Vassbotn, Ropeidhalvøya	Næring
28	Inger Torflåt Østbø	Fjetland, Ropeidhalvøya	LNf-spreidd hytte
29	Gunn Bjørg Slåtto	Slåtto, Ropeidhalvøya	Hytter
30	Kjartan Hjorteland	Hjorteland/Gullingen	Hytter
31	Trekt		
32	Norconsult	Økstrafjorden	Behalde regulering hytter?
33	Lars Ropeid	Sørvika, Ropeid	Utleigehytter

34	Gunvor Tveita	Tveita, Ropeidhalvøya	Camping/iglotelt
35	Ingvild Erøy Prestårhus	Erøy, Erfjord	Tretopphytter
36	Steinar Kenneth Løland	Ytre Bjerga	Murestein/hytter
37	Lars Landsnes	Ullestad, Økstrafjorden	Hytter
38	Vinjar Grendautval	Hylen	Næring
39	Sterling White Halibut	Sandsfjorden	Kveiteoppdrett
40	Hylsfjorden Grendeutval	Vanvik	Småbåthamn
41	Gunn Kristin B. Voll	Høyviktræ	LNF- spreidd

I tillegg har administrasjonen hatt ein gjennomgang for å sjå om det er byggeareal som ligg i noverande plan som bør ut. Det har og vore ein gjennomgang av eksisterande reguleringsplanar for å sjå om nokon bør avregulerast. I praksis vil det seie at arealet då vil bli ført attende og vist som LNF-område .

6 PLANFORSLAGET – BEHOV OG FRAMTIDIG AREALBRUK

Arealendringar i kommuneplanen skal vere formålstenleg for Suldals samfunnet. Under er derfor forslag til arealendringar vurdert ut frå samfunnet sitt behov for desse endringane og eventuelt kva planreservar me har igjen etter førre planperiode. Det er og fleire forventingar og retningslinjer frå overordna mynde som skal følgst opp. Under dei ulike arealformåla er det så vist om arealinnspelet er foreslått tatt inn i ny plan eller ikkje.

6.1 Område for bygg og anlegg

6.1.1 Bustader

Areal innanfor reine bustadføremål skal dekke bustadbehovet i planperioden. I tillegg er det opna for spreidd bustadbygging innanfor nærare avgrensa område (LNF spreidd). Pr i dag byggast det ca. 10 bustader pr. år i Suldal. Framskrivningar viser ein fortsett nedgang i folketal. Bustadtilbodet er i stor grad prega av einebustader og det er eit uttalt mål i kommuneplanen sin samfunnsdel å legge til rette for eit meir variert bustadtilbod.



Med nåverande utvikling i folketal er det i utgangspunktet god tilgang på bustader i kommunen. Det er likevel få bustader til sal, noko som skuldast at mange beheld bustaden dei flyttar frå/arvar til fritidsbustad. Dette er personar som i mange samanheng er ein ressurs for kommunen og tilbringar mykje tid her. Det gjer imidlertid at ein må ta høgde for at det i åra som kjem fortsett vil vere behov for bygging av nye bustader.

Oversikta viser at det er ca. 70 byggeklare tomter i kommunen. Ein har i tillegg ferdig regulert 137 tomter som ikkje er opparbeid. Det er eit mål i kommuneplanen å ha ledige byggeklare tomter i alle grender. Når nytt felt på Jelsa vert opparbeidd i 2022 har ein byggeklare tomter i alle grender. På Nesflaten er dei byggeklare tomtene private og det vert der forhandla om kjøp.

Eksisterande ledige kommunale og private bustadtomter:

	Byggeklare busta- tomter	Tomter regulert, ikkje ferdig opparbeid	Areal avsett til bustadbygging ikkje regulert eller under regulering
Øvre Suldal	4 Kilen		
Vinjar	3 Haugabjør 10 Brakåsen	48 Brakåsen	
Sand	6 Haugen	16 Sjostien 2 Eidsbakkadn	Kammen ca. 150 daa 22 tomter Klypa/Maleniusåsen under regulering
Erford	9 Stølane aust 3 Stølane sør 16 Bogsfjorden vest	7 Erfjordlia 16 Erøy/Skjerahaug	Stølane nord ca 78 daa

Jelsa	2 Svehaugane	23 Sandaneset sør (opparbeidast 2022) 5 Flåtene (bustad/hytte)	
Ropeidhalvøya	5 Huldrehaugen 5 Kjølvikstølen	20 Kjølvikstølen	
Vanvik	7 Vanvik		
	70 byggeklare	137 regulert	22 tomter under regulering Sand

Utvikling framover:

Med ei utvikling med nedgang/stabilisering av folketal vil ein planreserve på over 200 bustadtomter stette behovet i kommande planperiode. Det er og område i Erfjord og på Sand som er avsett til bustadbygging i kommuneplanen, som ikkje er ferdig regulert.

Det er komen inn store innspel om industrietablering til kommuneplanrullinga. Dersom nokre av planane vert realisert vil det gje mange arbeidsplassar og det vil bli behov for fleire bustader. På Jelsa ligg det tre store ferdig regulerte område for fritidsbustader som ikkje er opparbeid. (79 tomter til hytter + 5 tomter kombinert bustad/hytte). Desse ligg alle tre nært skule og butikk og nokre tomter er allereie regulert til kombinert bustad/fritidsbustad. Det vil vere betre arealutnytting å sjå på ei eventuell omregulering av desse til reine bustadtomter, før ein sett av nye store bustadareal i urørte område. Kommunedirektøren meiner at dei planreservane vi har, saman med moglegheiter for omregulering på Jelsa, vil stette behovet for bustadtomter i fyrste del av ei eventuell industrietablering.

Det er komen inn to forslag om areal til bustadområde. Det eine er forslag om fortetting av eksisterande bustader, det andre er forslag om utviding av eit eksisterande område for bustader.

Nytt område for bustadbygging som vert tatt inn i ny plan:			
Nr 6	Fisketjøn Suldalsosen	Bustad B1	4-5 daa
Nr 25-E	Vatlandsvåg	Bustad B2	8 daa

- **Innspel 6:** Inge Hjorteland og Jakob Roaldkvam, innspel om bustadområde. På Suldalsosen har ein i utgangspunktet nok bustadtomter i Brakåsen. Området ligg og midt i jordbrukslandskapet, noko som potensielt kan gje konflikhtar. Området som er foreslått vil gje bustadtomter i sentrum, i gå avstand til butikk og skule, noko som er både aldersvennleg og i tråd med arealstrategien til kommunen om å få til eit meir variert bustadtilbod. Forslaget er og eit forslag om fortetting av arealbruk. Viser til KU for nærare utgreiing.
Arealet fekk motsegn frå Statsforvaltar for konflikt med jordbruksinteresser. Er vedtatt tatt ut i kommunestyret 23.02.23
- **Innspel 25-E:** Lars Harald Sildelid, innspel om bustadområde i forlenging av eksisterande plan. Arealet vert justert nes og sett inn i ny plan som **B2**. Viser til KU for nærare utgreiing.

6.1.2. Fritidsbustader

Suldal kommune har ca. 2000 registrerte fritidsbustader. Det er eit mål i arealstrategien til kommunen at me skal ha rom for fleire fritidsbustader, men planreservane skal ligge på eit realistisk nivå. Dei seinaste åra har det vert bygd ca. 30 hytter pr. år i Suldal. Sist år auka dette til 40 hytter. Dersom utbygginga fortsett på dette nivået vil Suldal i kommuneplanperioden få 480 nye



hytter. I noverande kommuneplan er det 250 byggeklare og 350 ferdig regulerte/ikkje opparbeida tomter.

Oversikt over planreservar for hyttebygging i noverande kommuneplan som vert vidareført:

	Byggeklare hyttetomter	Regulerte hyttetomter- ikkje opparbeidd	Areal avsett til fritidsbustad – ikkje regulert eller under regulering
Øvre Suldal	15 Bleskestad 8 Kilavatnet (veglaus) 8 Bjørkenes (veglaus)		Ca 100 daa avsett v/Bordalen
Vinjar	18 Fjellbergskaret 18 Mosvatnet/Gullingen 4 Nyastøl (Kvilldal) 10 Vikeneset (Suldalseid) 3 Vidvei (Suldalseid)	32 Fjellbergskaret 30 Mosvatnet/Gullingen	ca 640 daa avsett til utbygging/fortetting i eksisterande reg.plan Mosvatnet ca 400 daa avsett til utbygging Markosvatnet nord
Sand		18 Sjostien	Ca. 77 daa avsett på Longemyr
Erfjord	10 Bogsfjorden Vest		
Jelsa	9 Foreneset (145/22) 6 Økstra 36 Høyvik 5 Nevøy	6 Foreneset 14 Jelsavågen aust 5 Jelsavågen vest 10 Tandraneset II 40 Smalhusåsen 25 Flåtene 48 Israelsneset 11 Romsbotn	
Ropeidhalvøya	18 Marvik 5 Åserøddalen 9 Sjubbeholsvågen 18 Tveita (113/14) 17 Tveita (113/5) 3 Kalvik 11 Kjølvisstølen hyttefelt 5 Sjøtun (Vatlandsvåg) 5 Sørheim (Vatlandsvåg)	23 Østebø 49 Slettingsvika 15 Tveitasjøen 6 Tveita_1	Ca 58 daa avsett på Hebnes Ca. 72 daa avsett v/ Sellandsvatnet
Vanvik	9 Drarvikneset	18 Tengesdal	Ca. 100 daa avsett v/Sandvika
	250 byggeklare	350 regulerte	1447 daa

Område for fritidsbustad som vert tatt ut av kommuneplanen:

Område på Løyning ved Suldalseid, sett av til fritidsbustad, vert tatt ut av ny plan då området ikkje er realisert. Ca. 40 daa vert derfor sett av til LNF-område i ny kommuneplan.

Suldal har mange reguleringsplanar for fritidsbustad som er ca. 10 år gamle som ikkje er realiserte. Alle med slike planar vart kontakta i kommuneplanprosessen for å høyre om kva konkrete planar ein har for områda. Alle gav tilbakemelding om at dei ynskja å behalde planane og hadde tankar om opparbeiding så snart dette vart lønnsamt. Då dette er forholdsvis nye planar vil ein ikkje i denne

reguleringa ta prosessen med å avregulera områda. Dersom planane fortsett ikkje er realiserte ved neste rulling av kommuneplanen, bør dette vurderast.

Nye områder for fritidsbustader:

I utgangspunktet har me nok regulerte tomter til fritidsbustader i Suldal for kommande periode. Skal kommunen halde på arealstrategien om at planresevane skal ligge på eit realistisk nivå, treng me derfor ikkje legge ut nye store område.

Til forskjell frå pressområde ser me i Suldal at mange områder blir liggande urealisert i lang tid, fordi det som oftast er grunneigar sjølv som må stå for investeringane ved opparbeiding av område. 350 av hyttetomtene er ikkje opparbeid og dermed ikkje klare for sal. Det er og fremma tankar om at det kan bli omregulerte tomter frå fritidsbustad til bustad på Jelsa, om det vert behov. Då vil planresevane for fritidsbustad reduserast med 84 tomter. Marknaden når det gjeld fjellhytter og sjønære hytter i Suldal er og to ulike marknader. Planreservane gir derfor ikkje eit heilt realistisk bilde over kor mange tomter som blir tilgjengeleg i løpet av perioden. Alle innspel om nye hyttetomter er derfor konsekvensutgreidd før det er gjort ei tilråding om dei skal med eller ikkje. Prioriteringar var gjort etter fylgjande kriteria.

- Det er ikkje behov for store nye områder til fritidsbustader
- Enkel fortetting/utviding som eventuell kan nytte allereie utbygd infrastruktur og lett kan opparbeidast kan takast inn
- Det skal ikkje leggest ut område til nye fritidsbustader i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein
- Det skal ikkje leggest ut område for fritidsbustader over skoggrensa
- Det skal ikkje leggest ut nye område i 100 meters belte frå sjø

Nye områder fritidsbustad som vert tatt inn i ny kommuneplan:			daa
Nr 4	Ytre Bjerga	Fritidsbustad FB1	9 daa
Nr 20-2	Indre Åsarøy, Ropeidhalvøya	Fritidsbustad FB3	52 daa
Nr 25 D	Sørtun, Vatlandsvåg	Fritidsbustad FB4	6,5 daa
Nr 37	Ullestad, Foreneset	Fritidsbustad FB2	12,5 daa

- **Innspel 4:** Geir Ove Løland, innspel om område til fritidsbustader, Ytr Bjerga, Hylsfjorden. Innspelet vert tatt inn som **FB1**. Sjå KU for nærare utgreiing. **Tatt ut grunna motsegn frå Statsforvaltar på risiko og tryggleiksvurderingar.**
- **Innspel 20-2:** Svein Helge Einarsen, innspel om hytter Indre Åsarøy. Innspelet vert tatt inn som **FB3**. (Område for naust/småbåt m.m. vert ikkje tatt inn da det ligg innafors eksisterande reguleringsplan og området eventuelt må omregulerast). Sjå KU for nærare utgreiing.
- **Innspel 25-D:** Lars Harald Sildelid, innspel om utviding av eksisterande hytteområde. Innspelet vert tatt inn som **FB4**. Sjå KU for nærare utgreiing.
- **Innspel 37:** Lars Landsnes, innspel om utviding av hytteområde Ullestad på Foreneset. Innspelet vert tatt inn som **FB2**. Sjå KU for nærare utgreiing.

Innspel om ny fritidsbustad som ikkje vert tatt inn i ny kommuneplan:		
Nr 5	Indre Sandvika, Vanvik	100 meters belte
Nr 9	Jårvik	100 meters belte
Nr 11	Vatlandsvåg	100 meters belte
Nr 23	Vatlandsvåg	100 meters belte
Nr 24	Jelsavågen - fortetting	Ligg i reguleringsplan
Nr 28	Fjetland, Ropeidhalvøya	Dyrka mark
Nr 29	Slåtto, Ropeidhalvøya	100 meters belte vassdrag

Nr 30 A	Finnadalsheia/Gullingen	Omsynssone villrein
Nr 30 B	Øvra Reset/Finnadalsheia	Stor planreserve
Nr 36	Ytre Bjerga	100 meters belte

6.1.3 Fritids og turistføremål

Det er kome inn fleire forslag om regulering til utleigehytter/bubiloppstilling m.m. Utleigehytter og andre typar overnattingsanlegg som drivast i ein kommersiell samanheng skal visast som fritids og turistformål. Det er vektlagt om innspelet eventuelt styrkar garden som ressurs, i tråd med kommuneplanens samfunnsdel om satsing på tilleggsnæringar i landbruket. Det er likevel tatt omsyn til forhold som jordvern og bygging i 100 meters belte langs sjø. Alle innspela er konsekvensutgreia som eit vurderingsgrunnlag om dei skal inn eller ikkje.



Nye områder til fritids og turistformål som vert tatt inn i planen:			
Nr 7	Fjetland	Fritids- og turistformål FTU1	48 daa 33daa
Nr 34	Tveita	Fritids- og turistformål FTU2	2,5 daa
Nr 35	Erøy	Fritids- og turistformål FTU3 (delar av innspel)	2,5 daa

- Nr 7 Lars Fjetland og Elisabeth Bjørkhaug, mikrohytter til utleige. Innspelet vert tatt inn. Sjå KU for utgreiing. **Arealet vert redusert for ikkje å kome i konflikt med muresteinsbrot.**
- Nr 34 Gunvor Tveita, domer (iglotelt) til utleige. Innspelet vert tatt inn. Sjå KU for utgreiing.
- Nr 35 Ingvild Erøy Prestårhus, tretopphytter Erøyna, Erfjord. Delar av innspel vert tatt inn (sjå kart i KU) Kommunen tilrår ikkje å spreie hyttene utover eit større område. Innspelet på Erøyholmen ligg i ein gjeldande reguleringsplan og kan ikkje takast inn gjennom kommuneplanen. Sjå KU for grunngjeving og detaljar.

Nye områder til fritids og turistformål som ikkje vert tatt inn i ny kommuneplan:		
Nr 4	Ytre Bjerga	100 meters belte
Nr 13	Ås	100 meters belte
Nr 14	Helland	Dyrka mark
Nr 33	Nedre Markateigen på Ropeid.	100 meters belte
Nr 36	Ytre Bjerga	100 meters belte

6.1.4 Næringsareal

For å få ei økonomisk berekraftig arealutvikling står det i arealstrategien at me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørge for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal.

I Vinjarkrinsen er det i noverande plan sett av næringsareal i sentrum på Suldalsosen (delvis regulert og delvis avsett i kommuneplan). Det er og ledig næringsareal i Mosrøysane, ferdig regulert men ikkje alt er opparbeidd.

På Sand har me ledig næringsareal på Bergshagen som har utfordringar med at det ligg i omsynssone drikkevasskjelde. Det er og eit areal i Bergekrossen, som no ikkje lenger vert nytta til camping, som ligg inne i kommuneplanen som næring.

Ved Tysingvatnet startar no arbeidet med å opparbeide eit ferdig regulert næringsareal og her ligg det og inne moglegheter for utviding, da arealet som er avsett til næring er større enn det regulerte arealet. I tillegg har me eit næringsareal på Hebnes som er regulert men ikkje opparbeidd.

Framover bør og kommunen aktivt sjå på moglegheitene for ei betre utnytting av næringsareala me har, spesielt på Sand.

Kommunen har og fleire område som er regulert til LNF-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging. Desse område vil kunne egne seg til mindre næringsetableringar (sjå kapittel 6.4.2).

Ledige næringsareal er viktig dersom Suldal skal få til etableringar. Særs ofte viser det seg at dei ferdig regulerte areala ikkje treff behova til dei som ynskjer ei etablering. Me har fleire innspel til kommuneplanen om næringsareal, men alle er konkrete innspel til utvidingar eller nye områder for allereie etablerte bedrifter. Det er urealistisk å vise dei til dei ferdig opparbeida næringsområda i andre delar av kommunen. Tre av innspela om næringsareal kjem i 100 meters belte frå sjø. Arealstrategien i samfunnsdelen sei at me skal vere restriktive med å legge ut byggjeområde i dette beltet. Det skal likevel kunne leggest til rette for kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling, innanfor samla tolegrense for utbygging i strandsona. Dette er og i tråd med retningslinjene for områder med mindre press på areala (sone3) i Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Innspel 1: Suldal næringsforeining har eit innspel på at det generelt bør vere næringsareal i alle grender. Alle grender har LNF-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging. Det viser seg at det er vanskeleg å avsette meir konkrete areal så lenge ein ikkje har konkrete etableringar.

Innspel 17: Øvre Suldal Grendeutval. Ynskjer næringsområde på Nesflaten. Så lenge me ikkje har konkrete etableringar som ynskjer spesielle område viser me til at det er mogleg med spreidd næringsbygg i mange delar av Øvre Suldal.

Innspel 38: Vinjar Grendeutval har innspel om næringsareal i Hysten. God tilgong på kraft og sjø. Innspelet er ikkje tatt inn då alt areal i Hysten ligg i aktsemd område for skred og ras. Det kan vere mogleg med etablering etter utgreiingar og forebyggjande tiltak, men for dyrt for ei vanleg næringsetablering. Innspelet er derfor ikkje tatt med.

Nye områder til næring som vert tatt inn i planen			
Nr 16-2	Berakvam (kai)	Næring NÆ1	47,6 daa
Nr 21	Helland (akvakultur på land)	Næring NÆ2	11 daa
Nr 22	Ytra Finnvik (kai m.m)	Næring NÆ3	5 daa
Nr 27	Grytevatnet (næring)	Næring NÆ4	5 daa

Innspel 16-2: Norsk Stein ynskjer utviding av næringsområde sør for noverande reguleringsplan på Berakvam. Området er tenkt nytta til utviding av kaiområde for Norsk Stein og etablering av ny tømmerkai for Suldal kommune. Området ligg som ei forlenging av allereie etablert kai og industriområde. Området ligg i ytterkant av område som er rekna som ein viktig internasjonal pukk og grus førekomst. Klemt mellom strandlinja, etablert industriområde og fylkesveg vil det i praksis vere eit avgrensa område som kan nyttast som ein rein stein og grusressurs. Steinen som vert tatt ut ved etablering næringsområdet er tenkt nytta til utfylling i sjø for etablering av kaiområdet. Det vert sett inn eit næringsområde på Berakvam og vist som **NÆ1**. Viser til KU for nærare utgreiing.

Det vert sett inn krav i føresegnene om at framlegg til reguleringsplan skal ha utgreiingar om:

- Vurdering og plassering av fleire avbøtande tiltak som skjermar/vollar for å redusere støy og landskapsverknad.
- Stabilitetsforhold knyta til utfylling i sjø.
- Vurdering av verdien av fornminne på land og eventuell søknad om frigiving.
- Vurdering av moglegheita for marine kulturminne.

Etter 1. gongs høyring er det sett inn ekstra krav til vidare regulering. Sjå oppdaterte føresegner.

Innspel 21: Sterling White Halibut AS ynskjer å utvide oppdrettsanlegget for kveite på land. Næringsområde på Helland, vert utvida i nord og sør tatt inn som **NÆ2**. Viser til KU for nærare utgreiing.

Utvidingsområde i nord er eigd av Suldal kommune og det vert presisert i føresegnene at kai og veg til kai som ligg på området fortsett skal vere i kommunalt eige.

Innspel 22: Alsaker Fjordbruk, som har noverande godkjende akvakulturlokalitetar på Bjelkavik, Borgarli og Vintravik, har innspel om næringsareal på land i Ytra Finnvik i Vindafjorden. Området er tenkt nytta til ein landbase med kai for desse lokalitetane. Det vert sett inn eit næringsområde i Ytra Finnvik **NÆ3**. Viser til KU for nærare utgreiing.

Det vert sett krav i føresegnene om at området må regulerast saman med område avsett til småbåtanlegg og hamneområde (bølgebrytar).

Innspel 27: Holmen maskin har innspel om utviding av næringsområde ved Grytevatnet. Eksisterande næringsareal vert nytta av Holmen maskin og utvidinga skal nyttast av same firma. Avkøyrsel og infrastruktur elles vert ikkje påverka. Eksisterande næringsareal på Hebnes vert tatt inn **NÆ4**. Viser til KU for nærare utgreiing.

Næringsområde som vert tatt ut av plan:

~~Etter eigedomsjusteringar på Strandaneset ved Suldalsvatnet vert område som i dag er regulert til næring justert ned til reelt nytta areal. 11 daa nord i eksisterande næringsområde er bratt og lite nyttbart til næring og vert tatt ut som næringsareal og sett av til LNF- område i ny kommuneplan. (Blir liggande som i noverande kommuneplan).~~

Næringsareal på Huga på Sand på 4,2 daa vert tatt ut og område og vert sett til LNF- område. Område ligg i faresone kvikkleire og delar av det er svært bratt. Dette gjer det lite egna til næringsareal.

6.1.5 Råstoffutvinning

Bergverksindustri er ei viktig næring i Suldal. Produksjon av byggeråstoff er viktig både i eit nasjonalt og globalt perspektiv, men uttak av byggeråstoff påverkar og omgjevnadane og sett store spor i naturen.

Det er komen inn fire innspel om nye uttak for byggeråstoff. Det er to mindre innspel om etablering av mindre lokale uttak av murestein. Det eine innspelet vert tatt inn, det andre er i konflikt med verdifull rasmarkskog og vert ikkje tatt inn.

Dei to store innspela er frå Norsk Stein og Svein Helge Einarsen. Begge innspela ynskjer store område avsett til råstoffutvinning i ny plan. Begge innspela er konfliktfylte og naboar til begge innspela har komen med protestar. Protestane går på plager frå støy, støv og rystingar, tap av naturmangfald og nærturområde. Det vert og fremma bekymring for verditap på eigedommane i nærleiken til uttaksområda. Innspelane på si side viser til at begge områda er avsett i regionalplan for byggeråstoff som viktige område for råstoffutvinning og at etablering/utviding vil gje arbeidsplassar. Innspelet frå Norsk Stein er foreslått tatt inn i plan. Innspelet frå Einarsen er ikkje foreslått tatt inn. Viser til konsekvensutgreiinga av områda for vurdering av innspela.

Etter 1. gongs høyring er RU1 redusert i omfang og det vert vist ei etappevis utbygging som RU1, RU4 og RU5.

Etter 1.gongs høyring er RU2 redusert i omfang.

Nye områder til råstoffutvinning som vert tatt inn i plan:			
Nr 16-1	Kordalsnuten - Grønneviksåsen	Råstoffutvinning RU1	3376 daa 1894,5 daa
		Råstoffutvinning RU4 og RU5	777 daa
NR 7	Fjetland	Råstoffutvinning RU2	64 daa 17,5 daa

Innspel 16-1: Norsk Stein AS: innspel om nytt uttaksområde for byggeråstoff i Kordalsnuten-Grønneviksåsen. Viser til KU for nærare utgreiing. Området vert tatt inn i ny plan med justert grense mot Slåttevassdraget og Vendalstjørna. Området vert sett inn som **RU 1**

Det vert sett fylgjande krav til reguleringsplan :

- *Uttaket må gjennomførast slik at uttaksområdet er mest mogleg skjerma for omgivnaden. Krav om etappevis utbygging som startar opp i sør aust og vert utvida langs austleg side mot nordaust i fleire etappar. Dette for å avgrense innsyn og støy for fritidsbustader og fastbuande (særleg vest for uttaksområdet) ved at drifta føregår i bakkant av ein brotkant og for det meste på et mye lågare nivå enn brotkanten.*
- *Det må etablerast fleire støy og vegetasjon skjermar i området og om mogleg la naturlege terrengformer (åsrygger)skjerme mot innsyn og vern mot støy og støv.*
- *Nye terrengformar bør ikkje skilje seg ut ifrå dei naturlege i området og silhuettlina bør tilpassast det som er naturlig på staden.*
- *Justering av trase og utforming av tilkomstveg skal vurderast for mest mogleg landskapstilpassing og for å redusere konfliktnivået i høve til registrerte naturtypar.*
- *All restavrenning, det som ikkje blir sedimentert på land, skal skje mot Sandsfjorden og ikkje Økstrafjorden.*
- *For å redusere behovet for deponering bør volumet av overskotsmassar avgrensast. Det må vurderast om reine overskotsmassar kan tilbakeførast til ferdig utdrevne områder i dagbrotet*
- *Behov for ytterlegare utgreiingar i høve til reguleringsplan:*
 1. *Bonitering/feltarbeid i høve til konsekvensar for vassmiljøet*
 2. *Undersøkingar/feltarbeid i høve til konsekvensar for det marine livet i fjorden.*
 3. *Nærare vurdering av trase og utforming av anleggsvegen med fokus på alternativ/ avbøtande tiltak i høve til landskap og naturtypar.*
 4. *Utgreiing av bruk av alternative energikjelder for å redusere klimagassutslepp.*

Det er sett inn ekstra krav til vidare regulering av området. Sjå oppdaterte føresegrer.

Innspel 7: Muresteinsbrot på Fjetland **RU2**. Regulering av området må sjåast i samanheng med etablering av mikrohytter i same området slik at det ikkje vert konflikt mellom desse bruksområda.

Område for råstoffutvinning som ikkje vert tatt inn i ny plan:		
Nr 20-1	Indre Åsarøy - Sauaskolten	Totalbelastning på området
Nr 36-1	Ytre Bjerga	Rasmarskog

6.1.6 Andre typar nærare angitt bygg og anlegg

Nokre av anlegga som søkast som småbåthamn er ofte mindre anlegg. Innspelet vert derfor handsama som eit småbåtanlegg.

Område for andre typar nærare angitt bygg og anlegg som vert tatt inn i ny plan:			
Nr. 22-4	Småbåtanlegg i Ytre Finnvik	Andre typar nærare angitt bygg og anlegg ABA1	4 daa

Innspel 22-4: Alsaker fjordbruk, innspel om småbåthamn i Ytre Finnvik. (sjå og innspel næringsområde og hamneområde Ytre Finnvik) Anlegget som er tenkt etablert er så lite at det vil bli regulert som småbåtanlegg. Det vert tatt inn i kommuneplan som **ABA1**. Viser til KU for nærare utgreiing.

Innspel 19: Suldal har mange store bygg og anlegg som er bygd på konsesjon etter energilova. Statkraft har spelt inn i kommuneplanprosessen at det ikkje gir eit riktig bilde å vise desse som fortsett LNF-område.

Suldal kommune er einige i dette og sett alle dei større anlegga til Statkraft, Statnett og Røldal-Suldal Kraft inn som arealbruk «andre typar nærare angitt bygg og anlegg - energianlegg» - eksisterande. Endringa vert ikkje konsekvensutgreia da dette ikkje er forslag til ny arealbruk og arealbruken vart avklart under konsesjonshandsaminga.

Eksisterande område – andre typar nærare angitt bygg og anlegg (energianlegg)
Større anlegg etablert etter energilova vert lagt inn som eksisterande bruk.

6.1.7. Kombinerte formål bygg og anlegg

Windworks Jelsa har eit av dei større innspela til kommuneplanen der dei ynskjer å utnytte eksisterande steinbrot på Berakvam til nytt næringsareal. Å få til ein etterbruk av steinbrotet til ny næring er i utgangspunktet positivt. Nye arbeidsplassar og ringverknadane av desse vil og komme lokalsamfunnet til gode. På liknande etableringar ser ein at mange av arbeidstakarane vil vere pendlarar, men me må og rekne med at ei slik etablering vil gje tilflytting og ringverknader i kommunen.

Ei eventuell etablering av industri i steinbrotet inneber at delar av attverande uttaksområde må stoppe over havoverflata og ikkje kan nyttast ned til kote -55. Dette inneber at eit eventuelt nytt uttaksområde for Norsk Stein må starte opp ca. 3 år tidlegare enn om ressursen vart nytta fullt ut. Mineralressursen vil ikkje bli øydelagt av ei etablering. Ved eventuell slutt av drift på industriområde, vil ressursen vere tilgjengeleg til vidare utnytting.

Omfanget av tiltaket gjer det omstridt. Fjerning av vegetasjonsvollane rundt Norsk Stein sitt område vil endre landskapet og me vil få eit anlegg som er mykje meir eksponert. Det nye anlegget vil og gje auka støy og lysforureining. Fordi regulering av området er avhengig av område i sjø Staumbersundet **HOS2** vert det sett like vilkår for områda. Viser til KU for vurdering av innspelet samla.

Heile arealet på land som Windworks ynskjer å regulere til næring, ligg innanfor ein godkjent og gjeldande reguleringsplanplan, Berakvam (planid 201011). Område vert tatt inn og vist i plan med eit kombinert formål: næring/råstoffutvinning. I føresegnene til kommuneplanen vert det presisert at gjeldande reguleringsplan skal gjelde inntil ny er vedtatt. Området skal regulerast saman med framtidig område avsett til hamneområde Strambersundet (Berekvam) **HOS2** i sjø. Det vert sett følgande krav til reguleringsplan:

I reguleringsplan må det dokumenterast at laksebestandane i Sandsfjorden ikkje får ytterlegare redusert tilstand ved tiltaket. Herunder må smolten og den vaksne laksen sin vandringsveg i området kartleggast og det må utgreiast kva ulemper tiltaket får og eventuelt vurdere alternativ plassering/avbøtande tiltak.

Følgjande avbøtande tiltak/utgreiingar skal vurderast i reguleringsplan:

- Vurdere om kaianlegget kan avgrensast slik at ein kan oppretthalde ein terrengbuffer-spesielt viktig i høve til Ytre Høyvik/Skreddarneset også som støyskjerm
- Å etablere ein sone mellom kaianlegget og industrianlegget der det vert anlagt ein voll med vegetasjonsskjerm.
- Vidare sikring av revegetering av brotkanten (i bakkant av industriområdet)
- Vurdere bruken av lys på anlegget gjennom tiltak som redusere direkte lys ut av området og lys mot himmel/skydekke.
- Risiko for permanent og akutte utslepp må vurderast ved detaljregulering og eventuelt risikoreduserande tiltak må innarbeidast i planen.
- Det må utarbeidast støyrapport ved detaljplan og støyreducerande tiltak må vurderast.
- Utgreiing og konsekvensar knyta til ny farlei og omlegging av FV 517

Det er sett inn ekstra krav til vidare regulering av området. Sjå oppdaterte føresegner.

Kombinererte formål bygg og anlegg inn i ny plan		
Nr 8	Nytt næringsareal nord på Berakvam	Kombinererte formål bygg og anlegg (næring/råstoffutvinning) KBA1

6.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Samferdsel dekker alle former for areal knytt til transport. Teknisk infrastruktur omfattar anlegg og framføringstrasear for elektrisk kraft, fjernvarme, vatn –og avlaupsanlegg og telenett med meir.

6.2.1 Veg

Større område som er planlagt brukt til nye vegtrasear.

Område for ny vegtrase inn i plan			
Nr 16	Berakvam	Framtidig vegtrase ST1	62 daa

- NR 16: Norsk Stein har innspel om ny vegtrase frå noverande råstoffutvinningsområde til nytt uttaksområde. Område for vegtrase vert tatt inn i plan. Sjå konsekvensutgreiing. Området får fylgjande føresegner:
Justering av trase og utforming av tilkomstveg skal vurderast for mest mogleg landskapstilpassing og for å redusere konfliktnivået i høve til registrerte naturtypar.

Linje for framtidig vegtrase inn i plan			
Nr 8	Berakvam	Framtidig samferdselslinje alt 1 og alt 2	

- Nr 8. Windworks Jelsa har innspel om to ulike innslagsalternativ for bygging av ny tunell i bakkant av industriområde på Jelsa. Begge alternativ vert vist i ny plan som linje for framtidig vegtrase. Viser til KU for nærare utgreiing.

6.3 Grøntstruktur

6.3.1 Friområde

Friområde i noverande kommuneplan blir liggande uendra i ny kommuneplan.

6.3.2 Turdrag

Det er i noverande kommuneplan sett inn turdrag frå Sand sentrum til Suldalsosen. Denne er ikkje realisert langs heile strekket, og vert vidareført i ny plan.

Nytt turdrag langs strandsona på Jelsa vert sett inn i plan

Det er komen innspel med ynskje om tursti langs sjøen på Jelsa. Suldal har ei lang men bratt og vanskeleg tilgjengeleg kystlinje. For å lette ålmenta si tigong til sjøen vert det sett inn eit nytt turdrag frå Jelsavågen langs kysten til Giljestranda. Området inneheld mellom anna fleire gravrøyser som stien må ta omsyn til, men som og kan egne seg til formidling av kulturhistoria på staden.

Turdraga vert vist i plan med linjesymbol eksisterande og framtidig turdrag. Begge turdraga får fylgjande retningslinje:

Langs denne traseen kan det ikkje iverksettast tiltak som i vesentleg grad forringar høve til allmenn ferdsel. Det kan etablerast tursti/gangveg/sykkelveg etter avtale mellom kommunen og grunneigar, eller etter detaljplan. Der det er behov for fysisk opparbeiding, skal traseval avklarast med kulturminnestyresmaktene.

6.4 Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift

Suldal kommune har ingen som driv aktiv reindrift. Vidare vil me derfor bruke arealmålet utan å ta med reindrift som arealbruk .

Kommuneplanen nyttar to ulike underformål:

- A) Landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF)
- b) LNF-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar med meir

6.4.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)

Formålet omfattar område som skal brukast eller sikrast til landbruksproduksjon og / eller skal bli liggjande som naturområde eller friluftsområde. Landbruks-, natur- og friluftsområda (LNF-områda) skal i det vesentlege vere ubygde eller kan utbyggjast i tilknytning til landbruksverksemd, stadbunden næring eller tilrettelegging for områda til bruk for friluftsliv.

Det kan etablerast gardstilknytte næringsverksemd basert på garden sine ressursgrunnlag.

Store delar av areala i Suldal er LNF område. Dei områda som er foreslått endra frå LNF-område er omtalt under dei ulike formåla. Der ein tar ut gamle byggeområde vert desse sett tilbake til LNF-område.

Det er sett føresegner for tiltak i LNF område i føresegnene og retningslinjene til arealdelen. Desse er i hovudsak lik føresegnene for LNF-område i noverande plan.

6.4.2 LNF-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging

I noverande kommuneplan er det satt av areal for LNF- spreidd bustad-, fritids- og næringsbygging, både eksisterande og framtidige. Det er her gjeve ein direkte heimel til å tillate spreidd utbygging gjennom enkeltsakshandsaming. Dette inneber at den planmessige sida av saka er avklart i kommuneplan, medan den detaljerte vurderinga av det konkrete tiltaket på byggetomta i høve til

blant anna landbruk, naturvern, landskap, kulturvern, veg, vatn og avlaup må skje gjennom enkeltsaks-handsaminga og bruk av lokaliseringkriterium som er gjevne i planen.

Føresegnene for områda er lik som før, med unntak av at maks areal på bustader er auka frå 200 m² til 250 m² BYA. Maks areal på garasje/uthus er auka frå 60m² til 75m² BYA.

Suldal kommune har fleire LNF område for spreidd bygging. Det er ikkje mange hus, fritidsbustader eller næringsbygg som vert bygd kvart år i desse områda. Dette er i tråd med arealstrategien til kommunen om at hovudtyngda av utbygging skal skje i nær avstand til grendesentra og etter detaljregulering. Områda for spreidd bygging er meint for å sikre fortsett busetjing og å få til gode generasjonsskifte i grendene og utkantane av kommunen.

Områda vert vidareført som før. Det vert i føresegnene ført opp kor mange tomter som er pr. dags dato i dei ulike områda, og presisert at kommunen skal holde rekneskap på kor mange tomter det til ei kvar tid er igjen.

Tabell over spreidd bygging i LNF-område med grense for tal einingar:

Område	Tal ledige bustader(B) (pr. 01.01.22)	Tal ledige hytter (H)	Tal ledige næring (N)
Ropeidhalvøya Hebnæs		0H	
Ropeidhalvøya Bjørklund	3B		3N
Ropeidhalvøya Kallvik-Løvika		3H (1 på 119/2, 2 på 119/3)	
Ropeidahlvøya Refsbygda	3B	0H	2N
Rørvikvatnet, Vintraleå		1H	
Landsnes -Bog		10H	
Erfjord, Kolstø		3H	
Erfjord, Hålandsdal (3delomr.)	10B		5N
Erfjord, Nattlandstøl		4H	
Hylsfjorden (2 delomr.)	5B		5N
Sandsbygda	10B		5N
Herabakka/Galland (2 delomr.)	5B		5N
Tjøstheim (2 delomr.)		5H	
Underbakka-Lunde	5B		5N
Sandsa søraust		1H	
Kvilldal	4B		5N
Kvilldal, Lauvastølsvatnet vest		5H	
Kvilldal, Steinstølsvatnet nord		1H	
Hamrabø	5B		5N
Hamrabø, Kilavatnet		6H	
Bråtveit	4B	5H	5N
Bråtveit, Mosvatnet		5H	
Nesflaten	3B		5N
Roaldkvam	5B	4H	5N

LNF-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygging som ikkje vert tatt inn i plan		
Nr 41	Høyviktræ	100 meters belte mot sjø

6.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørande strandsone

6.5.1 Farled

Farleden inn Sandsfjorden mot Sand og Sauda vert vist med linjesymbol «skipsled» som i noverande kommuneplan.

Framtidig alternativ farled vert sett inn i plan i Midtsundet

- Linja framtidig farled får føresegna: *Framtidig farled gjennom Midtsundet skal avklarast med Kystverket.*

Det vert sett inn ekstra krav til eventuell omlegging av farled: a) Korallane i Midtsundet og naturreservatet Kjølvikskorpa skal ikkje forringast som følgje av tiltaket. Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for fysiske tiltak som gjeld endring av farled. Merking av farled som ikkje kjem i berøring med Kjølvikskorpa naturreservat er ikkje omfatta av plankravet.

6.5.2 Hamneområde i sjø

Det er stor etterspurnad etter sjønære næringsareal og hamneområde. Suldal har ei lang kystlinje men mykje av ho er bratt og lite egna for etablering på land.

Det er komen tre innspel om nye hamneområde. Innspelet frå Norsk Stein om nytt næringsareal sør for noverande krev at det vert regulert inn areal i sjø til hamn **HOS1**. I Ytre Finnvik er det føreslått å legge inn eit næringsareal på land etter innspel frå Alsaker Fjordbruk. Skal det bli etablert kai må det byggast bølgebrytar i sjø. Dette vert regulert inn som hamneområde. **HOS3**.

Windworks Jelsa har innspel om hamneområde i Strambergssundet. Dette området er konfliktfylt. Det er komen inn protestar frå naboar som protesterer mot påverknad på fjorden, støy og lysforureining og landskapspåverknad. Samstundes vil denne etableringa kunne føre til eit etterbruk av steinbrotet på Berakvam, og fleire etableringar og arbeidsplassar i Suldal.

Innspelet er føreslått tatt inn i plan **HOS2**. Under det vidare arbeidet må det gjerast fleire utgreiingar. Mellom anna må det gjerast meir detaljerte utgreiingar når det gjeld påverking på laks og smolt si vandring i fjorden og tiltaket si innverknad på dette. Det må og avklarast om farleden inn fjorden kan leggest om.

HOS2 vert etter 1, gongs høyring endra til **kombinert formål ferdsel/hamn VK16** i samråd med Kystverket. (sjå kapittel 6.5.5) Området skal fortsett regulert saman med **KBA1** og får same krav til regulering som dette området.

Det er levert støyrapportar til innspelet. Det er utifrå desse sett støysoner rundt hamneområdet. Det er imidlertid uråd å sette detaljerte støysoner rundt anlegget før det er planlagt i meir detalj. Det vert derfor sett krav til at det under regulering utarbeidast støyrapportar og avbøtande tiltak som viser påverknader på området rundt.

Nytt område hamneområde i sjø som vert tatt inn i plan		
Nr 8	Straumbergsundet, Berakvam	Hamneområde i sjø HOS2
Nr 16	Berakvam sør (kaiområde)	Hamneområde i sjø HOS1
Nr 22	Ytra Finnvik	Hamneområde i sjø HOS3

- Strambergssundet. Windworks Jelsa ynskjer å etablere kai og dokkområde i Straumbergsundet **HOS2**. Viser til KU for nærare utgreiing av innspelet. Regulering av

området må sjåast i samanheng med regulering av området på land til næring/råstoffutvinning **KBA1** og det vert sett like vilkår for områda:

I reguleringsplan må det dokumenterast at laksebestandane i Sandsfjorden ikkje får ytterlegare redusert tilstand ved tiltaket. Herunder må smolten og den vaksne laksen sin vandringsveg i området kartleggast og det må utgreiast kva ulemper tiltaket får og eventuelt vurdere alternativ plassering/avbøtande tiltak.

Følgjande avbøtande tiltak/utgreiingar skal vurderast i reguleringsplan:

- *Vurdere om kaianlegget kan avgrensast slik at ein kan oppretthalde ein terrengbuffer-spesielt viktig i høve til Ytre Høyvik/Skreddarneset også som støyskjerm*
 - *Å etablere ein sone mellom kaianlegget og industrianlegget der det vert anlagt ein voll med vegetasjonsskjerm.*
 - *Vidare sikring av revegetering av brotkanten (i bakkant av industriområdet)*
 - *Vurdere bruken av lys på anlegget gjennom tiltak som redusere direkte lys ut av området og lys mot himmel/skydekke.*
 - *Risiko for permanent og akutte utslepp må vurderast ved detaljregulering og eventuelt risikoreduserande tiltak må innarbeidast i planen.*
 - *Det må utarbeidast støyrapport ved detaljplan og støyreducerande tiltak må vurderast.*
 - *Utgreiing og konsekvensar knyta til ny farlei og omlegging av FV 517*
- Berakvam. Norsk Stein ynskjer ei utviding kaiområde i sør. Området i sjø **HOS1** blir sett i samanheng med denne og skal inngå i same reguleringsplan med like vilkår.
 - Ytra Finnvik. Alsaker fjordbruk ynskjer å etablere landbase med kai. Område til hamn i sjø **HOS3** skal i hovudsak nyttast til bølgebrytar som er naudsynt for å etablere kai i området. Viser til KU for nærare utgreiing.

6.5.3 Småbåthamner

Det er spelt inn fleire ynskjer om småbåthamner. Arealformål småbåthamn nyttast der det skal etablerast anlegg for småbåtar av meir allmenn bruk og småbåthamner vil som regel ha eit eige driftselskap. Nokre innspel om småbåthamn er derfor vurdert under arealformålet småbåtanlegg, som er anlegg i mindre skala.

Småbåthamner og småbåtanlegg er viktige i Suldal da me har ei bratt kystlinje som gjer det vanskeleg å gå i land og fortøye. Samstundes vil for mange småbåthamner og småbåtanlegg bygge ned og privatisere strandsona.

Innspel 40: Hylsfjorden Grendeutval støttar innspelet om småbåthamn i Vanvik og meiner det vil komme både fastbuande og besøkande til nytte. Det kan og vere ein måte å auke attraktiviteten på dei ledige kommunale bustadtomtene i området.

Nytt område for småbåthamn som vert tatt inn i plan:			
Nr 12	Vanvik	Småbåthamn SH1	

- **Innspel 12:** Amund Fattnes for Gunstein Vanvik, innspel om småbåthamn i Vanvik. Vanvik har alltid vore knytt til sjøen og ferdsel på fjorden. Ei småbåthamn vil gjere det lettare for dei fastbuande å ha ei trygg hamn og vere eit løft i turistsamanheng. Område for småbåthamn vert tatt inn i plan. Viser til KU for nærare utgreiing.

Nytt område for småbåthamn som ikkje vert tatt inn i plan:		
Nr 4	Ytre Bjerga	Område for hytter vert ikkje tatt inn
Nr 9	Jårvik	Område for hytter vert ikkje tatt inn
Nr 10	Sand sentrum	Ikkje foreinleg med sentrumsplan
Nr 11	Vatlandsvåg	Område for hytter vert ikkje tatt inn

6.5.4 Akvakultur

Akvakultur er ei viktig næring i Suldal og vi har 7 anlegg i sjø og to på land. Sandsfjorden er Nasjonal laksefjord og det er ikkje lov å legge ut nye oppdrettslokalitetar for laks i fjorden. Andre artar er det ikkje forbod mot, men Sandsfjorden er ein terskelfjord og det er viktig å ta omsyn til den totale toleevna til fjorden når det gjeld nærings salt.

Arealplanlegging i sjø er i stadig utvikling. I noverande kommuneplan er akvakulturanlegg vist som ein rosa sirkel. I ny kommuneplan ynskjer me å legge inn dei reelt nytta areala. For å ha noko fleksibilitet til mellom anna forankring, vert det lagt eit fleirbruksområde rundt områda som er avsett til oppdrett.

Innspel 22: Alsaker Fjordbruk har spelt inn at dei ynskjer større områder avsett til akvakultur i sjø i dei områda dei har etablerte anlegg. Suldal kommune ser det ikkje formålstenleg å sette av store område heilt ut til kommunegrensa eksklusivt til oppdrett. Ein finn likevel rom for noko justering av areala. Viser til KU.

Eksisterande akvakulturanlegg med justert areal		
Nr 22-1	Bjelkavik- Vindafjord	Akvakultur AKV1
Nr 22-2	Borgarli - Vindafjord	Akvakultur AKV2
Nr 22-3	Vintravik - Vatlandsvåg	Akvakultur AKV3

I Suldal har me i tillegg 2 oppdrettsanlegg i Hylsfjorden og 2 oppdrettsanlegg i Erfjord. Desse fire vert i ny plan vist med reelt bruksområde tatt frå kartbasen til Fiskeridirektoratet. Dei vert ikkje konsekvensutgreidd da det er eksisterande arealbruk som ikkje vert utvida.

Eksisterande akvakulturanlegg som vert vist på ny måte i kommuneplan		
	Teigane - Hylsfjorden	Akvakultur AKV4
	Ommundsteigen - Hylsfjorden	Akvakultur AKV5
	Kilaneset - Erfjord	Akvakultur AKV6
	Kilavågen - Erfjord	Akvakultur AKV7
	Foldøy	Akvakultur AKV8

Innspel om ny lokalitet for akvakultur som ikkje vert tatt inn i ny kommuneplan:		
Nr 2	Jelsafjorden /Giljestranda	Tareskog og utfartsområde
Nr 21-2	Helland /Vindafjorden	Stenger statleg sikra friluftsområde Hellandshabn
Nr 39	Sandsfjorden (kveiteoppdrett)	Ynskjer ikkje nye lokalitetar i Sandsfjorden

Innspel 39: Sterling White Halibut har innspel om fleire kveiteoppdrett i Sandsfjorden. Innspelet har ikkje fullstendig KU, men det er gjort ei vurdering av innspelet som ligg i dokumentet Konsekvensutgreiingar. Hovudargumentet for ikkje å gå vidare med innspelet er totalbelastning av nærings salt i fjorden.

Område for akvakultur som vert tatt ut av plan:		
---	--	--

I noverande kommuneplan er det markert ein del akvakulturlokalitetar som ikkje lenger er godkjende. Desse vert tatt ut av ny plan.

6.5.5 Kombinerte formål i sjø

I sjø er det ofte vanleg å ha kombinerte formål. Til dømes treng det ikkje vere konfliktfylt å kombinere ferdsel og fiske. Det er sett inn ein del nye kombinerte formål i sjø i ny plan.

Akvakulturanlegga i kommunen vert vist på ny måte. Akvakulturanlegga er avhengig av store områder under havflata til fortøying. Det er lite tenleg å sette dette av eksklusivt til akvakultur. Det vert derfor sett av eit område rundt alle oppdrettsanlegga til kombinert formål akvakultur/ferdsel. Det er i desse områda ikkje lov med anlegg i overflata, men fortøyingane under vassoverflata kan strekke seg ut i desse områda.

Kombinerte formål akvakultur/ferdsel inn i plan
Gjeld fortøyingsområder rundt akvakulturanlegg

2 områder utanfor Norsk Stein på Berakvam er regulert til kombinert formål ferdsel/hamn.

Kombinerte formål ferdsel/hamn inn i plan
Gjeld område VK16 i Straumbergsundet
Gjeld område VK 13 område sør på Berakvam

Kombinert formål ferdsel/hamn **VK16** får fylgjande føresegn: *Det er ikkje tillat med tiltak og bruk av sjøområde som hindrar gjennomgongstrafikk i Straumbergsundet så lenge farvatnet har status som hovudled.*

Andre kombinerte formål i sjø:

Kombinerte formål ankring/ferdsel (Sandsfjorden) og kombinerte formål riggområde/ferdsel/opplag (Erfjord) vert vidareført som før men områda er justert etter kartdatabasen til Kystverket.

6.6 Omsynssoner

Omsynssoner vert nytta for å vise omsyn og restriksjonar som har vesentleg betydning for bruken av eit areal, uavhengig av arealformål. Omsynssoner kan være knytt til naturgitte eller lovregulerte forhold, eller gi krav til kvalitet og utforming. Under vert det kommentert kva omsynssoner som vert nytta i ny plan.

6.6.1. Sikring-, støy og faresoner

Omsynssone fare går i hovudsak fram av aktsemdkarta til NVE når det gjeld tema flaum, steinsprang, snørras, jord og flaumskred og marin grense. For å sikre at me planlegg og bygg på ein trygg måte er det føresegner som krev sakkunnig utgreiing dersom det skal bli gjennomførte tiltak innan eit aktsemdområde.

I tillegg til aktsemdkarta har og føresegnene til arealdelen eit eige avsnitt om samfunnstryggleik (kapittel 1.12). Her vert det gitt føresegner om kva tiltak som krev eiga utgreiing av risiko og sårbarheit, skredfare og flaum, havnivå stigning og stormflo. Desse tema vert nærare utgreidd i risiko og sårbarheits analysane for kommuneplanen.

Desse sikrings-, støy og faresonene vert i tillegg brukt i kommuneplanen:

6.6.1.1. Omsynssone drikkevasskjelder med tilhøyrande nedslagsfelt H120

Omsynssone for å sikre at viktige drikkevasskjelder ikkje vert forureina.

6.6.1.2 Omsynssone støy H210, H220 og H290

Sone som vert sett rundt støyande verksemder for at det ikkje skal bli planlagde nye utbyggingsområde i denne sona.

I Suldal gjeld dette først og fremst områda rundt industriområde på Berakvam. Eksisterande støysoner rundt drifta til Norsk Stein vert beholdt, men no delt i raud og gul sone. Dei vert og utvida og justert i forhold til støyberekningar som kom inn frå utgreiingar rundt Windworks Jelsa sitt innspel.

For framtidige etableringar kan me ikkje sette heilt klare støysoner før tiltaket er detaljplanlagt. Dette kjem fram gjennom reguleringsplanprosessen. Rambøll har levert rapportar på både innspelet til Norsk Stein og innspelet til Windworks Jelsa med estimering av støysoner. Spesielt for Windworks Jelsa er desse usikre då planlegging av både anlegg og drift er på eit tidleg stadium. Framtidige raude og gule støysoner rundt innspela frå Norsk Stein og Windworks Jelsa er tatt inn i kommuneplanen. Desse må justerast gjennom arbeidet med reguleringsplan og det ligg inne i føresegnene for områda at utfyllande støyberekningar må inn.

6.6.1.3 Omsynssone fare kvikkleire H310_1

Arealdelen har generelle føresegner om handsaming av alle tiltak under marin grense for å ta høgde for faren for kvikkleire. Etter kvikkleireskredet på Hauga i oktober 2014 er dette området kartfesta som eit fareområde for kvikkleire av NVE. Denne faresona vert derfor sett inn i ny kommuneplan med eigne føresegner. Faresona vart i vår nedgradert til faregrad «låg» på grunn av førebygging og sikring langs Lågen, i tillegg til fleire gode poretrykks målingar.



6.6.1.4 Omsynssone fare skytebane H360

Sone rundt skytebanene som avgrensar bygging i nærleiken til desse.

6.6.1.5 Omsynssone fare høgspenitanlegg H370

30 meters sikringsone rundt eksisterande regional- og sentralnett høgspenit. Det er ikkje er lov å gjennomføre tiltak i denne sona utan å avklare tiltaket med linjeeigar.

6.6.2. Omsyn til landbruk, reindrift, mineral ressursar, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø

6.6.2.1. Omsynssone friluftsliv H530

Omfattar 4 regionalt viktige friluftsområde der det ikkje skal gjennomførast andre tiltak enn dei som fremmar friluftslivet. Vert vidareført frå noverande plan.

6.6.2.2 Omsynssone grønstruktur H540

Omfattar randsona til område avsett til framtidig råstoffutvinning **RU1** i Kordalsnuten - Grønneviksåsen. I føresegnene vert det presisert at i reguleringsplan skal det i denne sona innarbeidast ein grønstruktur som støy og innsynsskjerming.

6.6.2.3. Omsynssone prioriterte kulturlandskap H550

Riksantikvaren gav i 2021 ut rapporten «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Rogaland» der tre områder i Suldal er peika på som spesielt verdifulle. Suldal kommune var i høyringsrunda til rapporten bekymra over kva påverknad dette ville få for landbruksdrifta i dei ulike områda. Riksantikvaren har i rapporten understreka at Kula er eit kunnskapsgrunnlag for planlegging, og inneber ikkje eit formelt vern eller freding. Områda er sett av i nasjonale kartbasar og me vel derfor å ta dei inn i kommuneplanen som omsynssoner. Det vert ikkje sett rettsleg bindande føresegner til områda men retningslinjer til korleis områda bør forvaltast.

6.6.2.4. Omsynssone bevaring naturmiljø H560

Omsynssone naturmiljø omfattar mellom anna 9 viktige fiske og gyteområde der det vert presisert at all verksemd skal ta omsyn til fiskeinteressene.

Denne sona omfattar og Sandsfjorden som Nasjonal Laksefjord med forbod mot ny etablering av oppdrettsanlegg for laks.

I tillegg omfattar sona Midsundrevet korallrev i Sandsfjorden som har forbod mot fiske med reiskap som slepast langs botn, samt garn, line og teiner.

6.6.2.5. Omsynssone prioriterte kulturmiljø H570

For å ta omsyn til spesielle kulturmiljø som ikkje er verna men som ein bør ta omsyn til, nyttar ein omsynsson prioriterte kulturmiljø. Her sett ein mellom anna inn statleg listeførte kulturminne (kulturminne som sjås på som verneverdige av staten, men som ikkje har formelt vern etter lov) og UKL område. Sona får retningslinjer om at ein skal ta omsyn til bygningmiljøet ved handsaming



av tiltak i desse områda. Døme på område er Lågabrua, Stampa på Kvæstad og bygningsmiljøet rundt Kolbeinstveit.

6.6.2.6. Omsynssone randområde til landskapsvernområde H580

Føremålet med dei to store landskapsvernområda me har i Suldal er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, men og spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa. For å sikre god forvaltning i randområda til landskapsvernområda er det derfor i regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei sett av eit nasjonalt villreinområde som er større enn sjølve verneområde. Utanfor nasjonalt villreinområde er det lagt ei omsynssone villrein. Suldal kommune har desse inne i noverande kommuneplan som omsynssoner og dei vert vidareført uendra.

6.6.2.7. Omsynssone råstoffutvinning H590

Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke ha som mål å gi ei oversikt over tilgjengelege ressursar i Ryfylke og bidra til å sikre tigong på byggeråstoff i eit langt tidsperspektiv. Områda som er registrert i Suldal vert sett inn i kommuneplan med retningslinjer om at det ikkje bør gjevast løyve til tiltak i områda som kan redusera moglegheitene for å utvinne områda i framtida.

6.6.3. Bandleggingssone

Bandleggingssonene er areal som er bandlagt etter andre lover enn plan og bygningsloven.

6.6.3.1 Bandlegging for framtidig regulering H710

Det vert bandlagt to område for framtidig regulering av tunnelinnslag på Berakvam. Ei slik bandlegging gjeld i 4 år. Om det ikkje er fremma reguleringsplan innan den tid fell bandlegginga bort.

6.6.3.2 Bandlegging etter naturmangfaldslova H720

Suldal har to store landskapsvernområde, eit biotopvernområde, 10 naturreservat og eit fuglefredingsområde. Alle desse vert forvalta etter eigne forskrifter og områda er derfor markert som bandleggingssone i kommuneplan.

6.6.3.3 Bandlegging etter lov om kulturminne H730

Alle faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda og det er ei sikringssone på 5 meter rundt kulturminna. Dei automatisk freda kulturminna visast i kommuneplanen på temakart kulturminne som omsynssone H 730 eller med rune R.

Nyare kulturminne kan og vere vedtaksfreda gjennom enkeltvedtak eller forskriftsfreda. Døme på dette i Suldal er Lølandsbua, varden på Snønuten og den gamle køyrevegen i Brattlandsalen. Desse leggest og inn som omsynssone H730, bandlagt etter lov om kulturminne. Omsynsona får Suldal har fleire freda kulturminne som ligg innanfor godkjente reguleringsplanar. Her er kulturminna ivaretatt i gjennom reguleringsplanprosessen og er derfor ikkje vist som eigne soner i kommuneplanen



6.6.3.4 Bandlegging etter andre lover H740

- Område bandlagt etter verneplan for vassdrag. Gjeld i hovudsak Hamrabøvassdraget, Hålandsvassdraget og Nordalsvassdraget. Det er vass-strengen og eit område på inntil

100meter bredde langs denne som i hovudsak er verna. Vass-strengen i desse vassdraga skal forvaltast etter «Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag».

- Område bandlagt gjennom statleg oppkjøp av friluftsområde. For å sikre ålmenta tigong til friluftsområde langs kysten er det kjøpt opp 4 områder i Suldal. Områda vert forvalta av Ryfylke Friluftsråd og nyttast stort sett av båtfolk. (Skaholmane og Barkeneset i Økstrafjorden, Sjubbeholsvågen i Vatlandsvåg og Hellandshavn ved Helland). For å sikre desse områda for nedbygging får dei fortsett føresegnene: « Det kan ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller delast frå til slike føremål, med unnatak av tiltak som fremmar friluftslivet for ålmenta.»
- Område bandlagt etter vassressurslova for regulering. Det vert lagt ei omsynssone på alle større regulerte vatn. Sona går ein meter over høgaste regulerte vass-stand (HRV). Tiltak (til dømes båtutsett eller brygger) i reguleringssona må avklarast med regulant.

Oversikt over nye omsynssoner som er lagt inn i planforslaget:

Område	Omsynssone
Heile kommunen (oppdatering) H120_1-9	Omsynssone område for grunnvassforsyning
Framtidig råstoffutvinning Berakvam	Omsynssone støy (raud og gul)
Framtidig hamn og næring Berakvam	Omsynssone støy (raud og gul)
Framtidig kaiområde Berakvam	Omsynssone støy (gul)
Haua, Sand H310_1	Faresone kvikkleire
Regional og sentralnett høgspent H370	Faresone høgspentanlegg
Kordalsnuten- Grønneviksåsen H540	Omsynssone Grøntstruktur
Hylsfjorden og Suldalsvatnet H550_1	Omsynssone prioriterte kulturlandskap (KULA)
Suldalsfjøret H550_2	Omsynssone prioriterte kulturlandskap (KULA)
Ulladalen H550_3	Omsynssone prioriterte kulturlandskap (KULA)
Midtsundrevet H560_11	Omsynssone naturmiljø (korallrev)
Lågabrua H570_6	Omsynssone prioriterte kulturmiljø
Rideveg Hylsskaret H570_7	Omsynssone prioriterte kulturmiljø
Dam – Oddatjønn H570_8	Omsynssone prioriterte kulturmiljø
Grønneviksåsen H590_8	Omsynssone råstoffutvinning
Berakvam tunellinnslag H710	Bandlagt for regulering
Øyno naturreservat H720_11	Bandlagt etter naturmangfaldslova
Strandaliane naturreservat H720_12	Bandlagt etter naturmangfaldslova
Hylsskaret naturreservat H720_13	Bandlagt etter naturmangfaldslova
Vikaneset naturreservat H720_14	Bandlagt etter naturmangfaldslova
Lølandsbua H730_4	Bandlagt etter lov om kulturminne
Snønuten varde H730_5	Bandlagt etter lov om kulturminne
Brattlandsdalen køyreveg H730_6	Bandlagt etter lov om kulturminne
Eldhus og loft på Sørstad H730- 7	Bandlagt etter lov om kulturminne
Loft på Øystad H730_8	Bandlagt etter lov om kulturminne
Regulerte vatn	Bandlagt etter vassressurslova

Omsynssoner som er tatt ut av planen:

Eriksmoen på Suldalsosen H710, var bandlagt for regulering. Dette området har vore bandlagt sidan kommuneplanen i 2009. Det er ikkje fremma reguleringsplan. Det er avgrensa kor lenge ein har lov å bandlegge eit område etter § 11-8. Bandlegginga vert derfor tatt bort og området vert liggande som LNF-område utan bandlegging.

Det er og tatt ut ei omsynssone om bevaring av kulturmiljø i Ulladalen. Dette område blir no liggande innanfor ny omsynsonene, prioriterte kulturlandskap (KULA).

6.6.4 Sone kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra H910

I kommuneplanen nyttar Suldal kommune omsynssone 910 på område der eksisterande reguleringsplanar skal gjelde før kommuneplanen. Det betyr at det er reguleringsplanen som styrer arealbruken, ikkje kommuneplanen.

Følgande reguleringsplanar vert ikkje lista opp og vist som omsynssone 910 i ny plan. Arealbruken i områda blir i kommuneplanen sett som LNF område og går derfor foran arealformål i reguleringsplanane der det er motstrid.

- Øynatangen Nevøy 881129 – området er bandlagt som naturreservat og reguleringsplanen kan ikkje realiserast.
- Lågabrotet 860429- er heilt eller delvis erstatta av ny plan
- Svehaugen 870331 – er heilt erstatta av ny plan
- Nerstølkvelven 040915 – rest av plan, berre friområde igjen, dette vert ivaretatt som LNF område
- Maleniusåsen 681013 – manglar føresegner og plankart
- Rv Sand-Rophaug 750723 – ikkje meir detaljert enn kommuneplan

7. KONSEKVEN SAR FOR MILJØ OG SAMFUNN

Til kommuneplanens arealdel stiller forskrift om konsekvensutgreiingar av 01.01.2015 krav om utgreiingar for å klargjere verknader av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn, og at desse blir vurdert under planlegginga av tiltaket. For kommuneplanar kan konsekvensutredninga avgrensast til å greie ut verknadane av planen på eit overordna nivå. Konsekvensutredning på kommuneplannivå kan baserast på eksisterande grunnlagsdata. Utgreiinga kan avdekke forhold som må følges opp i reguleringsplan.

Alle område for utbygging og områder som skal leggst inn nytt eller utvidast i forhold til eksisterande plan er konsekvensutgreia på eit overordna nivå. Konsekvensutredning av dei enkelte områda ligg som vedlegg til planen og er bygd på eksisterande grunnlagsdata. Metode er beskrive i starten av dokumentet.

Tre av innspela til ny arealbruk er så omfattande at forslagsstillarane vart bedne om å innhente utfyllande grunnlagsdata. Dette gjaldt innspelet frå Norsk Stein om nytt uttaksområde for byggeråstoff i området Kordalsnuten - Grønneviksåsen, Einarsen sitt innspel om nytt uttaksområde for byggeråstoff på Sauaskolten og Windworks Jelsa sitt innspel om industri/riggområde på Berakvam. Konsekvensutgreiingane for desse innspela er både bygd på eksisterande grunnlagsdata og innhenting av nye data. Vert desse areala tatt inn i ny kommuneplan vert det krav om utarbeiding av reguleringsplan for områda. Utfyllande grunnlagsdata utover det som no ligg føre vil da kunne bli kravd.

Dei samla konsekvensane av arealendringar og føresegnene til ny plan

Naturmangfald

Fleire av arealbruksendringane vil få negative konsekvensar for naturmangfaldet. All nedbygging av NLF-område fører i utgangspunktet til tap av naturmangfald og dei fleste innspela om arealendring gjeld område som no er LNF område. Det ligg og inne forslag om å legge 326 daa bygge område tilbake til NLF område. Dette vil vere positivt for naturmangfaldet.

Nytt råstoffområde for Norsk Stein **RU1** vil føre til at 3373 daa med natur forsvinn på sikt. Det er i området registrert 15 ulike spesielt viktige områder for naturmangfald. Eit stort skogsområde vil forsvinne og med det tap av leveområde for mange ulike artar. Det er få avbøtande tiltak som kan gjerast i sjølve uttaksområde. Planføresegnene har lagt inn krav til reguleringsplanen om at det skal visast etappevis utvinning slik at ein ikkje opnar heile området under eit.

Nytt område for hamn i Strambersundet **HOS2** vil og ha negativ påverknad på naturmangfald på grunn av inngrepa som er planlagd. Det blir kravd utfyllande utgreiingar om smolten si vandring i sundet og påverknaden innspelet har på denne. Det er og sett krav om utgreiing av risiko for utslepp frå ei eventuell etablering og krav til risikoreduserande tiltak.

Kommunen vurderer at kunnskapsgrunnlaget når det gjeld naturmangfaldet er godt nok for dei fleste innspela på kommuneplannivå.

I planforslaget er det innspela frå Norsk Stein og Windworks Jelsa som skil seg ut. Det er innhenta ekstra dokumentasjon på naturmangfald frå begge områda. Der kommunen vurderer at det manglar kunnskap er innspelet i Strambersundet. Det er derfor sett krav til innhenting av meir grunnlagsdokumentasjon, spesielt på smolten si vandring i sundet. Det vert og sett krav i føresegnene at regulering av begge området skal vise driftsmetodar for område, som etappevis utnytting og tiltak mot risiko for utslepp. Uansett avbøtande tiltak er dette to arealendringar som vil ha negativ konsekvens for naturmangfaldet i området.

Sjø og vassdragsone

Suldal har ei lang kystlinje. Deler av ho er utbygd med fritidseigedommar, men me har og lange parti som er lite utbygd. Det ligg inne ein del ferdig regulerte område for fritidsbustader langs kysten i eksisterande kommuneplan som enno ikkje er opparbeidd. Desse vert vidareført i ny plan. Alle tomtene i desse planane er regulert inn ovanfor 100meters belte, og vil derfor ikkje stenge for ålmenta sin ferdsel. Eit av kriteria for å vurdere innspela til nye område for fritidsbustader var at dei ikkje skulle ligge i 100 meters belte. Dette er i tråd med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen og arealstrategien til kommunen.

For å sikre ålmentas tigong til sjøen er det og i ny plan forslag om å legge inn eit turdrag langs strandsona på Jelsa.

Dei statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona er delt i 3 ulike soner. Suldal kommune ligg i sone 3 , område med minst press på strandlinja. I denne sona er det presisert at mellom anna behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal tilleggas vekt i vurderinga av tiltak i 100 meters belte. Arealstrategien i samfunnsdelen av kommuneplanen seiar at me skal vere restriktive med å legge ut byggjeområde i dette beltet. Det skal likevel kunne leggest til rette for kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling. Ut i frå dette er det lagt inn fire næringsområde i 100 meters belte frå sjø. Tre av dei er utvidingar av allereie eksisterande næringsområde, nytt kaiområde til Norsk Stein **NÆ1**, omregulering av område til Windworks Jelsa **KBA1** og utviding av areal på land på Helland til Sterling White Halibut **NÆ2**. I tillegg vert det lagt inn eit nytt næringsareal til Alsaker Fjordbruk i Ytra Finnvik. Suldal kommune vurderer at desse ikkje kjem i konflikt med byggeforbodet i strandlinja, så lenge utbygginga skjer gjennom regulering.

Kulturminne/kulturmiljø

Konsekvensutgreiingane viser at planen potensielt kan føre til tap av kulturminne. Mellom anna for område som er sett inn til næring **NÆ1**, kaiområde sør på Berakvam. Det er her sett krav til at det i reguleringsplan avklarast forhold til kulturminna innafor området.

Råstoffutvinningsområde **RU1** vil skade kulturmiljøet i Romsbotn og Saga i Økstrafjorden. Påverknad gjennom visuell påverknad og auka støy- og støv er nemnd spesielt. Avsett område til råstoffutvinning er justert og trekt 100 m opp frå Slåttevassdraget. Det er i tillegg sett krav om grøntstruktur i randsona til uttaket for å avbøte situasjonen.

Turdraget som er sett inn på Jelsa går og i eit område med mykje kulturminne. Det er og her sett inn i føresegnene at fysisk opparbeiding skal avklarast med kulturminnestyresmaktene. Her kan ein sjå for seg at gjennom god planlegging kan ein styrke både informasjon og oppleving av kulturminna.

Under utarbeiding av reguleringsplanar og byggetiltak kan ein sjå for seg at ein finn fleire kulturminne enn det som ligg i kartfesta og er registrert i KU av dei enkelte områda. I forslag til ny plan har me både generelle føresegner, omsynssoner og temakart kulturminne som vil bidra til ei god forvaltning av kulturmiljø og kulturminne.

På kommuneplannivå vurderer Suldal kommune at ein har tatt gode grep for å få ei god forvaltning av kulturmiljø i kommunen og at planen samla sett tek vare på kulturminna og kulturmiljøa i kommunen.

Landskap/terreng

Konsekvensutgreiingane viser at planen har fleire arealbruksendringar som har stor påverknad på landskapet.

Dei største endringane er i området avsett til råstoffutvinning **RU1** i Kordalsnuten - Grønneviksåsen. Her vil ein få eit dramatisk endring av landskapsbilde. For avbøtande tiltak for landskapsbilde er det sett vilkår til framtidig reguleringsplan:

Nye terrengformar bør ikkje skilje seg ut ifrå dei naturlege i området og silhuettlina bør tilpassast det som er naturleg på staden.

Justering av trase og utforming av tilkomstveg skal vurderast for mest mogleg landskapstilpassing og for å redusere konfliktnivået i høve til registrerte naturtypar.

Innspelet frå Windworks Jelsa **KBA1** og **HOS2** vil og få stor påverknad på landskapet. Mellom anna er det planar om å fjerne dagens støy og vegetasjonsskjermer rundt dei nordlege delane av eksisterande steinbrot. Eit nytt industriområde vil derfor bli mykje meir synleg enn det dagens steinbrot er. For avbøtande tiltak for landskapsbilde er det sett krav om at det i reguleringsplan skal vurderast:

Vurdere om kaianlegget kan avgrensast slik at ein kan oppretthalde ein terrengbuffer- spesielt viktig i høve til Ytre Høyvik/Skreddarneset også som støyskjerm

Å etablere ein sone mellom kaianlegget og industrianlegget der det vert anlagt ein voll med vegetasjonsskjerm.

Vidare sikring av revegetering av brotkanten (i bakkant av industriområdet)

Sjølv med avbøtande tiltak vil begge arealendringane ha negativ verknad på landskapet i området.

Barn og unge

Ingen av forslaga til arealendringar i ny plan gir vesentleg påverknad på barn og unge.

Landbruk

Det er eit overordna mål om å styrke jordvernet i Norge og stanse nedbygging av matjord. Dette har og Suldal kommune sett som eit mål i sin overordna arealstrategi.

I forslag til nytt område til bustader på Suldalsosen ligg det inne nedbygging av 0,5 daa matjord, mellom eksisterande bustader. Det er noko areal som er definert som produktiv skog som er foreslått tatt inn som byggeområde, men ingen område av stor verdi for skogbruk. Suldal kommune vurderer derfor at omsynet til jordvernet er ivaretatt i ny plan.

Friluftsliv og folkehelse

Suldal kommune har vidareført eksisterande sti og løypeplan i samfunnsdelen av kommuneplanen. Det er viktig for folkehelse og trivsel å ha tilgjengeleg nærturområde der folk bur. Alle grendene har no eige turkart og det skal takast omsyn til dei etablerte turløypene ved planlegging og byggesakshandsaming. Ingen av arealendringane som er føreslått i ny plan har innverknad på turstiane i løypeplanen og kommunen vurderer at det er tatt omsyn til friluftslivet i ny plan.

Hovudmengda av arealinnspele har liten innverknad på folkehelsa i kommunen. Unntaket er innspele på Berakvam om utviding av område for råstoffuttak og område for hamneområde utanfor noverande steinbrot. Hytteeigarar og fastbuande i Høyvik var tidleg ute og uttalte seg negativt til planane. Dei meiner dei allereie i dag er sterkt plaga av støy, støv og rystingar frå noverande drift på Norsk Stein. Ei nytt uttaksområde vil forlenge dette og nærfriluftsområde vil gå tapt. Lys og støy frå eit nytt industriområde vil komme på toppen av dette. Det er sett fleire krav i føresegnene til begge områda at reguleringsplanane skal innehalde meir detaljerte utgreiingar om støy og avbøtande tiltak.

For Windworks Jelsa **KBA1**:

-Vurdere om kaianlegget kan avgrensast slik at ein kan oppretthalde ein terrengbuffer- spesielt viktig i høve til Ytre Høyvik/Skreddarneset også som støyskjerm

-Vurdere bruken av lys på anlegget gjennom tiltak som redusere direkte lys ut av området og lys mot himmel/skydekke.

-Det må utarbeidast støyrapport ved detaljplan og støyreduserande tiltak må vurderast.

For råstoffutvinnings område **RU1**:

-Uttaket må gjennomførast slik at uttaksområdet er mest mogleg skjerma for omgivnaden. Krav om etappevis utbygging som startar opp i sør aust og vert utvida langs austleg side mot nordaust i fleire

etappar. Dette for å avgrense innsyn og støy for fritidsbustader og fastbuande (særleg vest for uttaksområdet) ved at drifta føregår i bakkant av ein brotkant og for det meste på eit mykje lågare nivå enn brotkanten.

-Det må etablerast fleire støy og vegetasjon skjermar i området og om mogleg la naturlege terrengformer (åsrygger)skjerme mot innsyn og vern mot støy og støv.

Avbøtande tiltak vil aldri få bort all støy i området, men det er viktig å sikre at begge tiltaka ligg innanfor godkjende støynivå. Kommunen vurderer at det er mogleg å legge inn områda og utarbeide reguleringsplanar som gjer at etableringane held seg innanfor godkjende grenseverdier.

Busettingsmønster og grendeutvikling

Vidareutvikle grendene som attraktive møteplassar og ha areal for bustadbygging i all grender, er ein av strategiane i samfunnsdelen av kommuneplanen, for å gjere Suldal til ein attraktiv plass å bu. Statlege planretningslinjer for «samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging» legg og opp til at ting skal sentraliserast og fortettast. Dette for å minske behovet for transport og få flest mogleg over til kollektivtransport. Dei same retningslinjene presiserer likevel at: «I områder med lite utbyggingspress, og hvor lokale myndigheter vurderer det som nødvendig for å øke attraktiviteten for bosetting, kan det planlegges for et mer differensiert bosettingsmønster». Suldal kommune ynskjer å legge til rette for at det fortsett er mogleg å bu i heile kommunen. Areal til bustadbygging vert derfor vidareført slik dei ligg inne. Me vil og vidareføre alle areal avsett til LNF- område spreidd bustad-, fritid- og næringsbusetnad i ny plan. Om desse områda ikkje vert mykje nytta, er dei likevel ein moglegheit for dei som ynskjer å bygge i utkantane. Suldal kommune vurderer og at dette er i tråd med planretningslinjene slik dei ligg føre.

Klima

Dei største klimagassutsleppa i Suldal kjem frå båttrafikk og landbruk. Med dei arealendringane som er foreslått på Berakvam vil båttrafikken auke. Det er ikkje foreslått arealendringar i ny plan som gir store endringar i landbruket. Kommunen vurderer at det vil bli endringar i utslepp frå båttrafikk i dei næraste åra på grunn av omleggingar og nasjonale krav. Me finn det derfor ikkje naturleg å avvise arealinnspele på grunn av auke i båttrafikk.

Nedbygging av myr gir tap av karbonbinding. I område for råstoffutvinning i Kordalsnuten **RU1** er det 4 myrerområde på ca. 38 daa. Desse vil gå tapt ved ei utbygging og gje eit karbonlagringstap på ca. 2225 tonn CO² ekvivalentar dei neste 20 åra. Ingen av dei andre områda som er avsett har større myrområde.

Skog er og viktig for karbonlagring. Det er få område i innspele med skog av svært høg bonitet, men mange av områda som er foreslått har skog med høg bonitet. Det er ikkje rekna karbontap på alle areala (og gevinst på dei areala som vert tatt ut som byggeområde). Samla sett vil innspele føre til noko reduksjon i karbonrike areal i Suldal.

I statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing vert det presisert at areal som vurderast tatt i bruk til utbyggingsformål i kommuneplan skal vurderast for farar som til dømes flaum og skred. For å kunne forebygge tap av liv, helse, kritisk infrastruktur og andre materielle verdier er det naudsynt at det, gjennom ROS analysar tidleg i planprosessen, vurderast om klimaendringar gir ei endring i risiko- og sårbarheit.

Alle dei innkomne arealinnspele har gjennomgått ei enkel ROS analyse. Dersom det er funne faktorar som ein må ta høgde for i forhold til klimatilpassing er dette nemnd spesielt. Det kan da ha vore grunn til å avise innspelet eller det er faktorar som må følgjast opp i seinare reguleringsplan eller på byggesaks nivå. Det er dei kystnære nye byggeområda som er mest sårbare for klimaendringar. Havnivåstiging og stormflo er faktorar som må vurderast under utbygging av næring, hamn og småbåtanlegg i strandsona. Dette vert fanga opp av kapittel 1.12.3 i den generelle delen av

føresegnene til kommuneplanen. Suldal kommune vurderer derfor at i framlegg til ny plan har ein tatt høgde for klimaendringar, anten ved å utelukke arealendringar eller sette krav til utgreiningar på byggesak- eller reguleringsplannivå.

Samfunnsutvikling og næring

Det er tatt inn fleire nye næringsareal/utvidingar og råstoffuttak som støttar opp under allereie etablerte bedrifter i kommunen. Det er viktig å gje dei etablerte bedriftene vilkår som gjer at ein kan sikre arbeidsplassar i framtida. Areal til Norsk Stein og Windworks Jelsa har potensial til å gje mange arbeidsplassar. For Norsk Stein vil ei utviding av produksjon kunne gje opp mot 100 nye arbeidsplassar i kommunen.

Ved ei eventuell etablering av Windworks Jelsa er talet på arbeidsplassar meir usikkert, men tal opp mot 1000 er nemnd. Nasjonalt er det no ei stor satsing på havvindmøller og ei eventuell etablering på Jelsa vil vere eit høve for Suldal og Rogaland å bli med på utviklinga av denne sektoren.

Det er og foreslått å ta inn fleire område til fritids og turistformål. Dette er ofte etablering av småskala bedrifter som kan gje ringverknader i nærmiljøet.

Råstoffutvinningsområde i Sauaskolten er ikkje foreslått tatt inn i ny plan. Dette er ei etablering som potensielt kunne ha gitt mange arbeidsplassar og ringverknader. Fleire innspel om etablering av oppdrettsanlegg i sjø er heller ikkje tatt inn i plan. Dette er og etableringar/utvidingar som kunne ha gitt arbeidsplassar.

Samla sett vurderer kommunen at ein har funne ein god balanse over næringsinnspel ein tek inn og kva innspel ein ikkje tek inn.

Klare byggegrenser mot utmarksareal

Suldal kommune har i fleire år vore streng på byggegrensa mot utmarksareala i fjellet. Denne praksisen vert vidareført i ny plan og nedfelt i arealstrategien. I tillegg vidarefører Suldal kommune nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein i ny kommuneplan. Innspel om utbygging inn i omsynssone villrein vart derfor ikkje tatt inn i ny plan. Kommunen vurderer at det er sett ei klar grense mot bit for bit nedbygging av fjellareala i planforslaget.

Oversikt over arealdisponeringar:

Oversikt over endringar av arealformål som er foreslått tatt inn i ny plan

Areal på land foreslått omregulert frå LNF til byggeformål		
Innspel nr.	Nytt arealformål	Ca. areal
Nr. 6 Fisketjønn, Suldalsosen	Bustadformål	4,5 daa
Nr. 25-E Vatlandsvåg	Bustadformål	8 daa
Nr. 4-1 Ytre Bjerga, Vanvik	Fritidsbustad	9 daa
Nr. 20-2 Indre Åsarøy, Ropeidhalvøya	Fritidsbustad	52 daa
Nr. 25 D Vatlandsvåg	Fritidsbustad	6,5 daa
Nr. 37 Ullestad Foreneset	Fritidsbustad	12,5 daa
Nr. 7 Fjetland	Fritids og turistformål	33 daa
Nr. 34 Tveita	Fritids og turistformål	2,5 daa
Nr. 35 Erøy, Erfjord	Fritids og turistformål	2,5 daa
Nr. 16-2 Berakvam, Jelsa (kaiområde sør)	Næring	47,5 daa
Nr. 21 Helland, Ropeidhalvøya	Næring	11 daa
Nr. 22 Ytre Finnvik	Næring	5 daa
Nr. 27 Grytevatnet, Ropeidhalvøya	Næring	5 daa
Nr. 16 -1 Kordalsnuten - Grønneviksåsen	Råstoffutvinning	2671,5 daa

Nr. 7 Fjetland	Råstoffutvinning	17 daa
Nr. 16 Berakvam - veg	Veg	62 daa
Nr. 22 Ytre Finnvik (småbåtanlegg)	Andre typar nærare angitt bygg og anlegg	4 daa
Sum areal på land		2949 daa
Areal i sjø		
Nr. 12 Vanvik	Småbåthavn i sjø	
Nr. 22 Ytre Finnvik (bølgebrytar)	Hamn	
Nr. 16-2 Berakvam (kai-hamneområde)	Hamn	
Nr. 8 Sandsfjorden- Straumbersundet	Hamn	
Areal i godkjent reguleringsplan opna for omregulering		
Nr. 8 Berakvam- endring av arealformål på regulert område frå råstoffutvinning til kombinert råstoffutvinning/næring	Kombinert formål (gjeldande reguleringsplan skal forsett gjelde)	

Område bandlagt for framtidig regulering:		
Nr. 8 Berakvam tunnelinnslag	Bandlagt for framtidig regulering	234 daa

Oversikt over byggeområde som er tatt ut av gjeldande plan og sett tilbake som LNF område:

Noverande areal	Nytt arealformål	Ca. areal
Næringsareal på Hauga	LNF	4 daa
Næringsareal på Strandaneset	LNF	11 daa
Bandlagt for regulering - Eriksmoen	LNF	118,5 daa
Fritidsbustad Løyning/Suldalseid	LNF	40 daa
Fritidsbustad (Øynatangen reguleringsplan)	LNF	68,5 daa
Rest av reguleringsplan Nerstølkvelven	LNF	74 daa
Sum		305 daa

Suldal kommune legg fram ei kommuneplan der ein foreslår endringar av arealformål på 3717 daa. Hovudtyngda av desse arealendringane er nytt uttaksområde og veg for Norsk Stein. Ser me på dei andre områda er det foreslått ca. 279 daa endra frå LNF til byggeområder. Det er foreslått 316 daa byggeområde i noverande plan regulert tilbake til LNF. I tillegg er 234 daa bandlagt i 4 år for eventuelle tunnelinnslag på Berakvam.

Konklusjon

Dei to store arealinnspela (Norsk Stein og Windworks Jelsa) som er foreslått tatt inn vil ha negativ innverknad på tap av naturmangfald, tap av landskapsverdiar og negativ påverknad på folkehelse i nærområdet. Dei vil vere tilsvarende viktig for næringsutvikling og vil gje etablering av mange arbeidsplassar.

For dei områda som er foreslått i ny kommuneplan som har negativ verknad på eit eller fleire tema i konsekvensutgreiingane, vil avbøtande tiltak bli innarbeida gjennom reguleringsplanarbeidet. For dei arealendringane som har størst negativ påverknad er det og stilt konkrete krav i føresegnene for dei ulike områda.

Samla sett er dei fleste nye arealinnspela innanfor statlege føringar og kommunens arealstrategi. Det er og sett inn både generelle krav og spesielle krav i planføresegnene som skal sikre ei god arealforvaltning i åra som kjem. Suldal kommunevurderer derfor at dette samla sett er ein god arealplan for Suldal.

8. RISIKO OG SÅRBARHEIT I NY KOMMUNEPLAN

Om samfunnsikkerheit i kommunens arealplanlegging seier Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB):

«Sivilbeskyttelsesloven stiller krav til kommunen om helhetlig ROS. Dette gjelder heile kommunen, og utgjør et grunnlag for kommunens arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap, også ved utarbeiding av planar etter plan- og bygningsloven».

Kommunestyret i Suldal har godkjent «Heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse» for heile kommunen, 23.03.21.


Fokuset i ROS-analyser i samband med arealplanlegging er ikkje ønska hendingar si påverknad og konsekvens for liv og helse, samfunnsstabilitet og materielle verdiar/samfunnsverdiar. Alle risiko og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging skal synast.

På kommuneplannivå vert dette ei overordna analyse med fokus på sårbarheits vurdering. Analyser utarbeida på kommuneplannivå skal etterfølgast av reguleringsplanar på eit seinare tidspunkt når informasjonsgrunnlaget og kunnskapen er meir detaljert, og når det er mogleg å utarbeide hendingsbaserte risikoanalyser. Dette er og i tråd med føringar gjevne av DSB for ROS-analyser til arealplanar.

- ROS-analyse til kommuneplanen sin arealdel skal avdekke mogleg fare
- ROS-analyse på reguleringsplannivå skal avdekke reell fare

8.1 Beskriving av planområdet

Suldal kommune er Rogalands største kommune i areal med sine 1736 km². Kommunen har store fjellområde, men og 300 km med kystlinje. Landbruk er ei viktig næring og me har 33 774 daa jordbruksareal i drift og over 285 000 daa produktiv skog. Ca. ¼ av kommunens areal, 448 000 daa, er verna gjennom landskapsvernområde, biotopvernområde og naturreservat.



8.2 ROS-analyse av dei enkelte arealinnspele

Under konsekvensutgreiinga for dei enkelte arealinnspele er det gjort ei enkel ROS analyse . (vedlegg: Konsekvensutgreiing til arealinnspele kommuneplan 2022-2034). Dette for allereie på kommuneplannivå kunne luke ut arealinnspele som ligg i sårbare område, t.d. så ras utsett, at dei ikkje bør takast inn i plan. Andre sårbarheits faktorar er påpeikt må følgjast opp i reguleringsplanarbeid/byggesak. Døme på dette kan vere areal som ligg under marin grense og dermed potensielt kan ha kvikkleire i byggegrunn.

Den vidare utgreiinga gjeld den overordna ROS-analysen for kommuneplanens samla påverknad på kommunens sårbarheit.

8.3 Vurderingar og funn frå heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse som er relevant for kommuneplanens arealdel

Suldal kommune sin Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse har identifisert 10 forhold som analysen meiner bør følgast opp på kommuneplannivå:

- Skred
- Skadeflaum i vassdrag
- Ekstremvær
- Akutt forureining
- Langvarig straumbrot
- Langvarig brot i vassforsyning
- Langvarig svikt i avløp
- Langvarig bortfall av EKOM-tenester
- Langvarig brot i sentrale transportårer
- Industriulykker (storulukke)

I tillegg vert det peika på at klimatilpassing vil vere ein sentral del av arealplanlegginga til kommunen. Klimaprofil for Rogaland peiker på at klimaendringane særleg vil føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, havnivåstigning og stormflo, endringar i flaumforhold og flaumstørrelsar, og skred. Overvasshandtering og havnivåstigning og stormflo er kommentert under avsnittet ekstremvær. Auka hendingar med skred og flaum på grunn av ekstremvær vert omtalt under forholda Skred og flaum.

I tillegg har overordna ROS identifisert dambrotsbølger som ein risikofaktor. Denne er relevant å vurdere på kommuneplannivå og er derfor tatt med.

8.4. Kommunens handtering/tilnærming til framtidig risiko og sårbarheit

Hendingane som vart identifisert som aktuelle å vurdere på kommuneplannivå er i dette avsnittet lista opp og under kvart punkt er det kommentert korleis hendinga er handtert i kommuneplanen.

SKRED

På grunn av topografien til Suldal er skred ei velkjent utfordring. Skredhendingar i Suldal skjer årleg, men har til no i hovudsak ført til stengde vegar og konsekvensar for framkomsten. På grunn av meir ekstremvær vil truleg skredhendingar kunne auke i åra som kjem. Det er derfor viktig at kommunen har gode rutinar for ikkje å legge nye utbyggingsareal i skredutsette område. Sannsyn for hendinga er vurdert til sannsynleg.

Forslag til tiltak i Heilskapleg ROS


- Initiere undersøkingar knytt til kvikkleire, store delar av kommunen under marin grense, Sand har kvikkleireførekomstar
- Fylkesmannen har kommentert manglande dokumentasjon knytt til fjellskred ned i Suldalsvatnet med påfølgande tsunami

Skred

Suldal kommune har mange område som kjem inn under aktsemdområde skred. Innspel til arealendringar som ligg i aktsemdsonene er derfor ofte ikkje tatt inn i kommuneplan. I nokon arealinnspel kan delar av området ligge inne i eit aktsemdområde. Kommunen har klare føresegner i kommuneplanen om at utgreiningar av skred skal gjennomførast ved reguleringsplanarbeid og byggesak. Suldal kommune vurderer derfor at tryggleiken i forhold til skred er ivaretatt i ny kommuneplan.

Kvikkleire

Suldal kommune er ikkje kartlagd når det gjeld fare for kvikkleireområder. Rogaland kjem og langt ned på lista når det gjeld den nasjonale kartlegginga av kvikkleire førekomstar. På bakgrunn av forslag til tiltak i heilskapleg ROS vart det hausten 2021 gjennomført eit kartleggingsprosjekt over kva kvikkleireundersøkingar som er gjort i kommunen og korleis kommunen skal handtere fare for kvikkleire i ny kommuneplan. Det er opp gjennom åra gjort over 70 undersøkingar i Sand sentrum og på Eide, utan at det er funne kvikkleire. Det kan fortsett finnes lommer med kvikkleire i området, men det er lite truleg at utbreiinga er omfattande. Litt lenger opp i dalen, på Hauga har me derimot ei faresone for kvikkleire. Denne vart oppdaga da det gjekk ras i området i 2014. Førebyggande tiltak er sett inn med plastring langs Lågen og området er sett inn i kommuneplanen som eige faresone med eigne føresegner. Det vil vere eit for omfattande prosjekt for kommunen å kartlegge alle område under marin grense for kvikkleire. Mange av arealinnspela i forslag til ny kommuneplan ligg under marin grense. Vurdering og konklusjon er derfor at kommunen sett inn eigne føresegner i kommuneplanen for alle tiltak under marin grense.



NVEs aktsemdkart marin grense

Tsunami som følge av fjellutgliding

Når det gjeld risikoen for tsunami, som følge av steinsprang ned i Suldalsvatnet, vurderer kommunen at dette eventuelt må forårsakast av ei større utgliding av eit fjellparti. Gjennom det statlege kartleggingsprogrammet for fjellskred vert ustabile fjellparti i Noreg kartlagd og overvaka av NGU. Det føregår detaljert kartlegging av ustabile fjellsider mellom anna Rogaland. Målet med det statlege kartleggings programmet er å avklare behovet for å ta særleg omsyn til skredfaren frå store ustabile fjellparti ved arealplanlegging, i tillegg til å vurdere behovet for risikoreduserande tiltak. Suldal kommune har eit fjellparti som er registrert som ustabil og det er Lølandsnuten. Dette har lav risikoklasse og svært lav konsekvensklasse. Dette vil ikkje gå ut i Suldalsvatnet og det er ikkje foreslått nokre tiltak. Suldal kommune har i tillegg 16 fjellparti som ventar på utgreiing [https://geo.ngu.no/kart/ustabilefjellparti mobil/](https://geo.ngu.no/kart/ustabilefjellparti_mobil/). 4 av desse ligg rundt Suldalsvatnet. Suldal kommune følger med på desse utgreiingane, men har ikkje sett det naudsynt å ta initiativ til eigne utgreiingar for å forsere kartlegginga. Steinsprang går kvart år langs Suldalsvatnet, men desse er ikkje så store at dei forårsakar tsunamibølger. Det er heller ikkje lagt inn nokre nye byggeområde rundt Suldalsvatnet i forslaget til ny kommuneplan. Vurdering og konklusjon er derfor at Suldal kommune følger opp tsunami utgreiing når NGU har gjort ei faregradutgreiing av fjellpartia rundt Suldalsvatnet.

Kommunens handtering/tilnærming til skred i kommuneplanen

- Krav om kartlegging i nye byggeområde. Føresegnene i kommuneplanen stadfestar at dersom tiltaksområde ligg innanfor aktsemd- eller faresonekart for ras og skred skal vurdering av risiko og sårbarheit innehalde skredrapport.
- Ved søknad om alle typar tiltak (inkl. reguleringsplan) nærmare sjø enn marin grense jf. Temakart marin grense, skal:
*«Ved utarbeiding av reguleringsplan og byggesak innanfor sonen må det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred, jfr. krav i TEK17 § 7-3 med vegleiing, herunder NVE sin vegleiar 1/2019.
Tiltaket kan gjennomførast utan dokumentasjon av geoteknikkar dersom tiltaket kan plasserast i tiltakskategori KO og tiltaket ikkje forverrar stabiliteten, og at tiltaket utførast i samsvar med vedlegg 2 i NVE-vegleiar nr. 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred».
For andre tiltaks kategoriar skal det foretast ein geoteknisk vurdering før tiltaket kan settast i gang.»*
- Omsynssone fare kvikkleire H310_1 er kartfesta som eiga faresone med eigne føresegner



SKADEFLAUM I VASSDRAG

Suldalsvassdraget er det lengste og vassrikaste vassdraget i Rogaland. Suldalslågen er vestlandets største elv, og strekk seg over 22 km frå Suldalsvatnet til Sandsfjorden. Suldalslågen har ikkje eit stort fall, men renn roleg gjennom store delar av dalen. Suldal er ein stor kraftkommune og store delar av vassdraga er derfor regulerte.

Faresonekarta syner kva område som kan stå under vatn i ein flaumsituasjon og med kva gjentaksintervall. Generelt kan det komma meir nedbør i framtida og dersom dette skjer i flaumperioden, samstundes med mildvær og stor snøsmelting, kan skadeflaumar oppstå.

Klimaprofilen til Rogaland peikar på at klimaendringane vil særleg føre til endringar i flaumforhold og flaumstørrelsar. Ein flaum kan påverke bustader, infrastruktur og spillvatnet kan medføre forureina drikkevatt. Sannsyn for hendinga er vurdert til sannsynleg i Heilskapleg ROS.

Forslag til tiltak i Heilskapleg ROS
<ul style="list-style-type: none">• Rutinar for vedlikehald og drift i regulerte vassdrag der ein kan planlegge ved å tappe vatn på førehand, slik at det er tilgjengeleg reservevolum• Fokus på kartlegging. Behov for omsynssoner, eigne føresegner og krav til kommuneplanens arealdel vil vere ein del av arbeidet

Statkraft og Røldal-Suldal Kraft regulerer vassdraga etter konsesjonsvilkår. Reguleringa kan vere flaudempande men er ikkje eit tema for kommuneplanens arealdel.

Kommunen nyttar NVE sine aktsemdkart for flaum. Dersom eit tiltak ligg i aktsemdområde skal konsekvensane av flaum dokumenterast. Det er ikkje lagt inn nokon nye byggeområde langs Suldalslågen i forslag til ny kommuneplan.

Like viktig som å ta høgde for at ikkje nye bygg og tiltak skal bli skada av flaum, er det å hindre at tiltak forverrar ein eventuell flaum. Det er derfor sett inn føresegner om at det skal sikrast at tiltak ikkje påverkar flaukapasitet i andre delar av vassdraget. Det har og vist seg at opne naturbaserte løysingar ofte taklar flaum betre enn lukka eller innsnevra elveløp. Ein får da ei meir naturleg fordrøying i staden for «proppar». Det vert derfor sett inn i føresegnene at eksisterande bekkar skal

så langt som mogleg behalde si opprinnelege form Dersom ein bekk må leggest i røyr skal røyra dimensjonerast for ekstreme nedbørsmengder.

Kommunens handtering/tilnærming til skadeflaum i vassdrag i kommuneplanen
<ul style="list-style-type: none">• Aktsemdområde for flaum er vist i temakart naturfare. Tiltak i aktsemdområde flaum skal dokumentere konsekvensar av flaum• Føresegner i kommuneplan:<ul style="list-style-type: none">-tiltak i og langs vassdrag skal ikkje påverke flaumkapasiteten i vassdraget-eksisterande bekkar behaldast så langt som mogleg i si naturlege form-må ein legge røyr skal desse dimensjonerast for ekstremnedbør

EKSTREMVÆR

Omgrepet ekstremvær omfattar sterk vind og svært store nedbørsmengder på kort tid (intense regnbyger). Her er og stormflo inkludert. Sand er spesielt utsett (Kartverket: havnivå inkl. stormflo i 2090 i Suldal: 662 bygningar utsett, 4 km veg) men og andre stader med tettbygde område som Jelsa og Erfjord, er utsett. Andre ekstremvær hendingar som er aktuelle er storm og orkan. Klimaprofilen til Rogaland peikar på at klimaendringane i Rogaland vil særleg føre til behov for tilpassing til kraftig nedbør og auka problem med overvatn, havnivåstigning og stormflo. Sannsyn er i Heilskapleg ROS vurdert til sannsynleg.

Forslag til tiltak i Heilskapleg ROS
<ul style="list-style-type: none">• Oppmoda innbyggjarane til å ha eigen beredskapskasse heime• Ha oppdaterte planar i høve til personell• Hjelp frå nærliggande kommunar• Samarbeid med frivillige organisasjonar• Arealplanlegging (omsynssoner, handtering av overvatn osv.)

Dei fire fyrste punkta kjem inn under beredskapsplanane til kommunen. Er ikkje relevant for kommuneplanens arealdel.

Auke i overvatn

Arealplanlegginga er viktig, spesielt for kor me legg nye utbyggingsområde og korleis me tilpassar nye tiltak til endra forhold i vær og klima i framtida.

Flaum i vassdrag er handsama i avsnittet over, men tiltaka her er i stor grad og gjeldande når det gjeld handtering av overvatn. I tillegg har føresegnene til kommuneplanen eigne føresegner for «1.4 løysingar for vann, avlaup, avrenning, overvatn m.m.» Der vert det mellom anna presisert at: **1.4 d) Lokal overvasshandtering skal leggest til grunn ved regulering, detaljutforming og prosjektering av tiltak. Opne løysingar skal nyttast i alle tilfelle kor dette er mogleg og hensiktsmessig. Handtering av nedbør skal fortrinnsvis skje gjennom infiltrasjon i grunnen og via opne vassvegar. Naturlege flaumvegar i eller i nærleik til utbyggingsområde skal kartleggast og i størst mogleg grad bevarast. Lukking av bekkar vert ikkje tillat, og eksisterande bekkar skal bevarast så nært opp til si naturlege form som mogleg. Dersom andre løysningar vert velt, skal det grunngis kvifor naturbaserte løysningar er valt bort.**

1.4 e) Det skal ikkje gis løyve til byggetiltak før det er dokumentert at omsyn til overvatn er ivaretatt.

Gjennom desse føresegnene vurderer kommunen at ein har tatt høgde for ei auke i overvatn i åra som kjem.

Havnivåstigning og stormflo

Havnivå stigning kombinert med stormflo vil i åra som kjem kunne gjere større skade på bygg og anlegg enn tidlegare.

Direktoratet for samfunnssikkerhet ga i 2016 ut ein vegleiar om havnivåstigning og stormflo. I fylgje vegleiaren vil Suldal ha eit returnivå stormflo på 115 cm over middel vass-stand med tryggleiksnivå 2 (200 års stormflo) og 123 cm med tryggleiksnivå 3 (1000 års stormflo). I tillegg kjem eit klimapåslag på 74 cm og ein korreksjon til N2000 (kote 0) på 9 cm. Dette blir da 198 cm på tryggleiksnivå 2 og 206 cm på tryggleiksnivå 3.

TABELL 9. Rogaland

Kommune	Sted	Nærmeste måler	Returnivå stormflo (i cm over middelvann)			Havnivåstigning med klimapåslag (i cm)	NN2000 over middelvann (i cm)
			20 år	200 år	1000 år		
Suldal	Sand	Stavanger	101	115	123	74	9

DSB sin rettleiar havnivåstigning og stormflo

Suldal kommune har eit eige avsnitt i kommuneplanen sine føresegner 1.12.3 Flaum, havnivåstigning og stormflo. Der stadfester ein:

1.12.3 d) Bygg og anlegg skal utformast og plasserast eller sikrast for å hindre skade ved tidevatnsnivå opp til og med stormflo med klimapåslag. Det er ikkje tillat å etablere bygningar med innandørs golvnivå lågare enn kote +2,5 meter (referert til kartgrunnlag NN2000) utan at det dokumenterast og settast i verk avbøtande tiltak mot konsekvensar av framtidig havnivåstigning og stormflo. Naust og båthus kan tillatast lågare enn kote +2,5 meter, men da på eigars risiko. Naust og båthus kan ikkje tillatast lågare enn kote +1.5 meter.

e) Konsekvensar av havnivåstigning og stormflo skal alltid vurderast i forbindelse med reguleringsplanar.

f) Ved søknad om tiltak på eksisterande bygningar med innandørs golvnivå lågare enn kote +2,5 meter skal byggteknisk forskrift (TEK) bli lagt til grunn ved vurdering av sikringstiltak.

Kommunen vurderer at føresegner for å ta gode val om overvasshandtering og føresegner for bygging over flaumsona er gode tiltak på kommuneplannivå mot hendingane



Oversvømte områder ved 200 års stormflo i 2090 Sand



Oversvømte områder ved 200 års stormflo 2090 Erøy

Det er fleire byggeområde som er sett inn i ny kommuneplan i strandsona som kan bli råka av havnivåstigning og stormflo. Kommunen vurderer imidlertid at føresegnene tar høgde for at stormflo vert inkludert i den vidare planlegginga og gjennomføringa.

Kommunens handtering/tilnærming til ekstremvær i kommuneplanen
--

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Eigne føresegner for løysingar for vann, avlaup, avrenning, overvatn m.m.• Eigne føresegner for flaum, havnivåstigning og stormflo |
|---|

AKUTT FORUREINING

Uventa hending med store mengder forureinande væske/stoff som har stort skadepotensiale. Sannsyn er sett til mindre sannsynleg i Heilskapleg ROS.

Forslag til tiltak i Heilskapleg ROS

- | |
|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Etablera ROS analyse• Etablera reservevassverk• Pumpe vatn frå Suldalslågen og koke drikkevatt |
|--|

Forslag til tiltak frå Heilskapleg ROS rettar seg meir mot beredskap og rutinar enn kommunen sin arealbruk.

Tiltak som er gjennomført i kommuneplan sin arealdel er omsynssoner rundt drikkevasskjeldene i alle grender. Omsynssone område for grunnvassforsyning H120. Det er ikkje lov å sette i verk nye tiltak i denne sona før omsynet til drikkevasskjelda er avklara. Kommunen vurderer at dette er eit godt tiltak i arealplanlegginga mot akutt forureining av drikkevasskjelder.

Kommunens handtering/tiltak til akutt forureining i kommuneplanen

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Omsynssone område for grunnvassforsyning med føresegner |
|---|

LANGVARIG BROTT PÅ INFRASTRUKTUR (STRAUMFORSYNING, VASSFORSYNING, AVLØP, EKOM TENESTER OG SENTRALE TRANSPOTÅRER)

Alle langvarige brott i infrastruktur rammar moderne samfunn hardt. Suldal kommune har gjennom Heilskapleg ROS sett fokus på dei største utfordringane og det er kome forslag til tiltak. Alle tiltaka gjeld kommunens beredskap, samarbeid med andre kommunar og organisasjonar, oppmode folk til eigenberedskap osb. Gitt kommunens topografi vurderer me at det er lite omsyn som kan takast i kommuneplanens arealdel for å ta høgde for desse hendingane. Omkøyringsveggar er døme på tiltak som kan vurderast i arealplanlegging, men i Suldal er dette uaktuelt. Hendingane er ivaretatt gjennom kommunens beredskapsplan.



Kommunens handtering/tiltak til langvarig brott på infrastruktur i kommuneplanen
--

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">• Ingen konkrete tiltak i arealplanen. Vert ivaretatt av kommunens beredskapsplanar |
|---|

INDUSTRIULYKKE

I følge DSB er det registrert 2 storulykkebedrifter i Suldal kommune, på Berakvam. Begge er klassifisert som §6 verksemdar som har lågare mengder med farleg stoff. Sannsyn for ei industriulykke er i Heilskapleg ROS vurdert til sannsynleg.

Forslag til tiltak i Heilskapleg ROS
<ul style="list-style-type: none">• Etterspørja ROS-analyse og beredskapsplanar frå eksterne relevante verksemdar• Vurdera om kommunen har rette omsynssoner rundt verksemdene• Beredskapsplan for kommunen si handtering• Beredskapsøving samvirke mellom kommune-verksemdar-naudetatar

Dei fleste tiltaka gjeld kommunens beredskapsplan. Det er innhenta risikovurderingar og beredskapsplanar frå begge i samband med utarbeiding av Heilskapleg ROS. Verkemiddel i kommuneplanen kan vere omsynssoner for å hindre at ein gir løyve til nye byggeområde eller tiltak i nærleiken til bedriftene. Det er omfattande omsynssoner rundt bedriftene i dag som gir restriksjonar på kva som er lov å bygge i nærleiken. Kommunen vurderer derfor at tryggleiken er ivaretatt.

Kommunens handtering/tiltak til industriulykke i kommuneplanen
<ul style="list-style-type: none">• beheldt omsynssoner som hindrar ny bygging rundt industriområdet på Berakvam

DAMBROT

Suldal har mange store og små dammar. Konsekvensane av eit dambrot vil vera størst ved brot på store dammar med bakanforliggende magasin, og som vil kunna medføra omfattande skade på infrastruktur og fare for tap av menneskeliv. Det er gjennomført ei dambrotsanalyse i 2016. Den konkluderer med lite sannsyn, men store konsekvensar for områda Kvilldal og Ulladalen.

Forslag til tiltak i Heilskapleg ROS
<ul style="list-style-type: none">• Dialog med dameigar om sannsyns- og konsekvensvurdering – innhenta ROS-analyser og berekningar av dambrostbølger• Kommunen må vere ein pådrivar for å få utarbeid fullstendige analyser og berekningar av dambrostbølger og fastsette omsynssoner.

NVE- klassifiserer dambrot i konsekvensklassar:

- Konsekvensklasse 0- utan konsekvensar
- Konsekvensklasse 1- til dømes 1hytte eller ein mindre viktig veg vert råka
- Konsekvensklasse 2 – Eit hus eller viktig infrastruktur
- Konsekvensklasse 3 – 20 hus eller fleir vert råka
- Konsekvensklasse 4 – 150 hus eller fleir vert råka

Dei fleste av dei mindre dammane i Suldal hamnar i klasse 0 eller 1. Døme på dammar i klasse 2 er Sandsavatn (god demping i to vatn før den når Ulladalen) og dammen ved Hiimsvatn (vil gje overfløyming på Garaneset over 1000års flaum i elva).

Det er dei store vassmagasina som vil gje dei største konsekvensane. Oddatjørndammen er klassifisert til klasse 3. Vatnet vil fortsett gå ut Ulladalen, men farta, mengde vatn og konsekvensar for dei husa som vert råka gjer at denne hamnar i klasse 3. Brot på Valldalsdammen, som er klassifisert til klasse 4 (Ullensvang kommune), vil og råke busetnad rundt Suldalsvatnet, men her vil ein ha noko tid på seg for å varsle flaumen.

I Norge er det dameigar som er ansvarleg for at dammane vert klassifisert og dameigar har ansvar for tryggleiken rundt dammane. NVE har oppsyn med at dette vert gjennomført. Til høgare konsekvensklasse til strengare er krava frå NVE. På grunn av den gode kontrollen med dammane har det ikkje vert vanleg å sette til dømes byggeforbod i område som kan bli råka av dambrotsbølger. Det er ikkje foreslått nye byggeområde i ny kommuneplan for Suldal som vert råka av dambrotsbølger frå dei to dammane i konsekvensklasse 3 og 4. Suldal kommune vurderer det derfor ikkje som naudsynt å sette dambrotsbølger inn som omsynssoner i ny kommuneplan.

I brev frå NVE d.s. 25.05.22 går det fram at dei vil starte arbeide med revisjon av rettleiar for flaumløp i 2022 og revisjon av rettleiar for dambrotsbølger i 2023. Suldal kommune følger med på arbeidet da det her kan komme nye anbefalingar om handtering av dambrotsbølger i arealplanlegginga.

Kommunens handtering/tiltak av dambrotsbølger i kommuneplanen
<ul style="list-style-type: none">Ingen tiltak i kommuneplan. Tryggleiken ivaretatt gjennom gode kontrollrutinar og beredskapsplanar.

8.5 Samla vurdering

Den hendinga som er vurdert til å ha eit uakseptabelt risikonivå i Suldal er skred. Denne hendinga er vurdert til å ha eit uakseptabelt risikonivå for liv og helse, materielle verdiar og stabilitet. Dette vil me måtte forholde oss til uansett korleis vi driv arealplanlegging. Det er imidlertid viktig for Suldal kommune og bidra til å minske risikoen der me kan. Dette meiner me er ivaretatt gjennom aktsemdkart og føresegner i kommuneplanens arealdel. Dei arealforandringane som er foreslått vil ikkje bidra til å auke risikoen i kommunen og føresegnene som er sett vil bidra til at vi ikkje bygg oss inn i nye utfordringar. Risiko og sårbarheits nivået i framlegg til ny arealplan vurderast derfor som akseptabelt.